

# Årsmelding

# 2015



*Vang kommune*  
- vilt og vakker



## FØREORD

Årsmeldinga skal ha med opplysningar om viktige forhold for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje går fram av årsrekneskapen, og om andre viktige forhold for kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak, for å sikre ein høg etisk standard i verksemda og forsvarleg kontroll. Det skal gjerast greie for tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova, og for å fremje formålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelova (kommunelova § 48).

Der det er vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for avviket. Tilsvarande gjeld ved avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Rådmannen skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

Saman med årsrekneskapen for 2015, vil årsmeldinga bli handsama i formannskapet 12. mai, i hovudutvala, utvikling 10.mai, og levekår 11.mai og i kommunestyret 19. mai 2016.

I tillegg denne årsmeldinga ligg det føre eigne årsrapportar for eldrerådet, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

Visjon, hovudmål og retningsliner i kommuneplanen er grunnlaget for prioritering av viktige saker.

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

I tillegg til visjon og overordna mål er det vedteke retningsliner for folketal, barn og unge, kultur og friluftsliv, folkehelse, universell utforming, landbruk, langsiktige arealstrategiar, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, kommunen sin økonomi, interkommunalt samarbeid og oppgåvefordeling, samfunnssikring og beredskap og til sist Vang kommune som arbeidsgjevar. Kommuneplandokumentet ligg på kommunen si heimeside på Internett.

## Folketal

1.1.2016 var folketalet i Vang 1590 mot 1619 ved førre årsskifte. Nedgangen på 29 skuldast netto utflytting på 22 (177 utflyttingar og 155 innflyttingar) 18 døde og 11 fødde gav vidare fødselsunderskot på 7 i 2015.

Det er likevel grunn til å merke seg som positivt, at innanlands flytting til Vang held seg godt oppe med 67 i 2015. (Fra 2012 til 2013 auka dette talet frå 40-70)

## Utvikling

Ei av dei klart mest krevjande og største sakene i 2015 var spørsmålet om



kommunemodernisering eller endring av kommunestruktur. Vang deltok i utgreiings- og vurderingsarbeidet på lik line med dei 5 andre Valdreskommunane. I tillegg til dette vart det gjennomført eit grundig arbeid lokalt med fleire folkemøte/drøftingsmøte og ikkje minst folkeavstemming. Saka vart for Vang sin del avslutta med at kommunestyret i desembermøtet vedtok at Vang vil halde fram som eigen kommune.

Prosessens knytt til kommunestruktur held fram i 1.halvår i 2016 i dei 5 andre kommunane i Valdres. Utfallet her er sjølvsagt spanande for Vang idet større endring i desse kommunane vil få konsekvensar for etablerte interkommunale samarbeid i regionen.

Ved sida av saka om kommunemodernisering gjennomfører Vang kommune si hittil største satsing med utbygginga på og kring VBU: Det var ein milepæl i Vang når alle elevar frå hausten 2015 kunne samlast i ein nyrenovert/ utvida skule. Sjølv om det ikkje skal stikkast under ein stol at samling til ein skule har sine negative sider for gredene som mista skulen sin, så framstår samlinga likevel som ein nødvendig og rett grep i rett tid for Vang kommune.

Skuleanlegget på VBU med fleirbrukshall vil vidare gje rom for heilt nye aktivitetar og opne nye dører både for næringsliv, folkehelse og innan kulturlivet. Anlegget fullførast i 2016, og tida er no inne til å planlegge og gripe dei mulegheitene som anlegget gjev til aktivitet til beste for alle som oppheld seg i Vang.

## Dialog

Vang kommune ønskjer å ha ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, hytte-eigarar og andre interesserte. Dersom de vil ha kontakt med kommunen, kan de vende dykk til ein av følgjande personar på telefon 61 36 94 00, ved oppmøte eller e-post:

Ordførar	Vidar Eltun	<a href="mailto:vidar_eltun@vang.kommune.no">vidar_eltun@vang.kommune.no</a>
Rådmann	Reidar Thune	<a href="mailto:reidar_thune@vang.kommune.no">reidar_thune@vang.kommune.no</a>
Økonomisjef	Remi Nilsen	<a href="mailto:remi_nilsen@vang.kommune.no">remi_nilsen@vang.kommune.no</a>
Skule- og kultursjef	Jon Eggen	<a href="mailto:jon_eggen@vang.kommune.no">jon_eggen@vang.kommune.no</a>
Teknisk sjef	Terje Hålien	<a href="mailto:terje_haalien@vang.kommune.no">terje_haalien@vang.kommune.no</a>
IHT-leiar	Guro Råheim Kvam	<a href="mailto:guro_raheim_kvam@vang.kommune.no">guro_raheim_kvam@vang.kommune.no</a>

Rådmannen viser også til informasjon om Vang på heimesida:

[www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no)

Vang, 30. mars 2016

Reidar Thune

Rådmann



Innholdsfortegnelse

Hendingar 2015 .....	5
Hovudtal for Vang Kommune .....	7
KOSTRA.....	23
INTERNKONTROLL .....	35
ETISK STANDARD .....	35
LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING.....	35
STYRE, RÅD OG UTVAL.....	38
RÅDMANNSKONTORET .....	39
SKULE OG KULTUR.....	47
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester.....	55
HELSEAVDELINGA.....	63
LANDBRUK TEKNISK.....	68



## Hendingar 2015

**Opning av ny badstove** den 19. april 2015 gjennom byggeprosjektet *Architectural Design – Typology, Topology and Tectonic* med arkitektstudentar ved NTNU i Trondheim og Innovangsjon.

Bilde frå <https://massivtrevaldres.wordpress.com/>



### Vinjerock 2015

utseld på under 10 sekund!

Bilde frå <http://www.aftenposten.no/kultur/Vinjerock-2015-ble-utsolgt-pa-under-10-sekunder-7814186.html>



### Samling av alle skuleelevar på VBU August 2015

Bilde frå:

<http://www.oa.no/valdres/nyheter/ungdom/her-satser-de-store-summer-pa-barn-og-unge/s/5-35-115753>



### Opning av Fredheim Barnehage 14.nov. 2015

Bilde av:

<http://www.avisa-valdres.no/nyheter/vang/opning-av-nye-fredheim-barnehage/s/5-54-48181>





### Val 2015

Spanande val i Vang med der Ordføraren fikk fornøya tillit og kommunesamanslåing ble nedstemt.

Bilde frå: <http://www.avisa-valdres.no/vang/valg2015/bygdelista-sit-med-makta-i-vang/s/5-54-42739>



### Nytt tannlegekontor i Vang

Endeleg tannlegekontor i Vang Sentrum

Bilde frå: <http://www.vana-tannlegekontor.no/>



### Kommunereform

Den viktigaste saka i Vang kommune si historie på mange tiår vart avgjort då kommunestyret sa nei til samanslåing med Valdres.

Bilde frå: <http://www.valdresbiblioteka.no/vang/artikkel-nb/2015/3/kommunereform.aspx>

DEBATT:  
**KOMMUNE-REFORM** ENDRING ELLER STATUS QUO?

I PANELET SIT:

- Vidar Elftun  
Ordførar i Vang
- Per Gunnar Stensvaag  
Kommuneeksper
- Ingjerd Thon Hagseth  
Vararepresentant på stortinget (V)

ORDSTYRAR:

- Ivar Brynildsen  
Redaktør i Avisa Valdres
- Erlend Eggen  
Gründer

FRIVILLIG  
Avisa Valdres  
Partiet til Øppenhet  
Fylkeslekellen

ONSDAG 18. MARS 19:30  
VANG FOLKEBIBLIOTEK

### Grindablikk



Opprettингa av dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens januar 2015





## Hovudtal for Vang Kommune

Vang kommune har framleis eit stablit høgt netto driftsresultat på i overkant av 13 millionar kroner, slik vi har hatt dei siste 5 åra. I 2015 hadde Vang eit netto driftsresultat på 13 262 000 kroner eller 6,65% av driftsinntektene, noko som ligg langt over anbefalt minimums krav på 1,25% og ynskjelege 3%. Legg vi desse tala til grunn, ser ein ingen problem med økonomien for Vang kommune i framtida. Men dette er nok ei sanning med modifikasjoner, så la oss sjå litt nærmare på tala.



## Forklaring kraftinntekter og bundne midlar (det strukturelle underskotet)

Vang kommune har, som dei fleste veit, svært høge kraftinntekter. Av den totale inntekta til kommunen i 2015, utgjorde inntekter knytt til kraftproduksjon 20,56%. Av dette utgjer konsesjonsavgifta rundt halvparten, og desse pengane må til å avsetjast til næringsfondet. Denne avsetjinga kjem ikkje fram som ei utgift, og difor ser tala noko betre ut enn det i verkelegheita er. Trekker vi ut desse bundne midla, ender vi opp med eit kraftkorrigert netto driftsresultat på minus 8 875 000 kroner. Ei forbetring på kr 1 222 000 frå i fjar. Dette viser at Vang har eit mykje høgre tenestetilbod enn kommunar utan kraftinntekter. Totalt brukar Vang



commune 9 539 668 kroner til drift av ulike tenestetilbod gjennom overføringer frå næringsfondet. All bruk av næringsfondet skal fremje utviklinga av Vang kommune gjennom å auke busetjing og næringsverksemd. For 2015 var hovudformåla landbruk, næringsutvikling (hovudsakleg gjennom Innovangsjon), idrett og kultur, vedlikehald av bygg og anlegg, betaling av renter og avdrag på investeringar som fremjer Vang kommune. Trekkjer vi ut tilleggstenestene som er finansiert av næringsfond / gåver / tilskot, får vi eit netto driftsresultat på 1 068 000 kroner, ei forbetring på 1 283 000 kroner.



Utbygginga av VBU og generelt høge inntekter på sjølvkostområdet vatn og avløp førte til eit stort overskott. I tillegg har vi fått tilført bundne midlar som ikkje er brukt opp. Dette fører til at vi må overføre ca. 4,9 millionar kroner til bundne driftsfond. Korrigert netto driftsresultat blir då -3,8 millionar kroner, ei forverring frå 2014 på ca. 2,1 millionar kroner. Dette er langt frå god drift eller anbefalt minimumsavkasting på 1,5% av brutto driftsinntekter.

År	2015	2014	2013	2012	2011
<b>Netto driftsresultat i årsrekneskapen</b>	<b>13 262</b>	<b>11 949</b>	<b>14 153</b>	<b>12 398</b>	<b>12 393</b>
Konsesjonsavgifter avsett næringsfond	-20 766	-20 766	-19 437	-19 437	-18 986
Renteavsetnader til næringsfond	-1 371	-1 280	-1 363	-1 386	-1 016
<b>Netto kraft korrigert driftsresultat</b>	<b>-8 875</b>	<b>-10 097</b>	<b>-6 647</b>	<b>-8 425</b>	<b>-7 609</b>
Bruk av næringsfond til drift	9 539	9 739	6 951	8 188	6 024
Anna bruk av bundne fond	404	143	1 249	289	99
<b>Netto korrigert driftsresultat utan ekstratenester</b>	<b>1 068</b>	<b>-215</b>	<b>1 553</b>	<b>52</b>	<b>1 486</b>
Avsetningar til andre bundne driftsfond*	-4 855	-1 461	-129	-87	-1 784
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>-3 787</b>	<b>-1 676</b>	<b>1 424</b>	<b>-35</b>	<b>-298</b>
<b>I % av brutto driftsinntekter</b>	<b>-1,90 %</b>	<b>-0,84 %</b>	<b>0,74 %</b>	<b>-0,02 %</b>	<b>-0,17 %</b>
*Her utgjør avsetninga til vatn/og avløp	4 456				
<b>Anbefalt minimums avkastning</b>	<b>1,50 %</b>				
<b>Anbefalt god drift</b>	<b>3,00 %</b>				





## Vidare analyse av tala

Vang kan vise til sitt beste brutto driftsresultat sidan 2010 med eit underskot på berre 2 096 000 kroner. Dette er svært positivt, då vi i framtida vil få stadig mindre kraftinntekter grunna forventa låge straumprisar.




Så er 2 millionar i minus noko å ropa hurra for? Dersom ein studerer tala nærmare kan ein sjå at Vang har auka utgiftene meir enn inntektene sidan 2010. Når utgiftene er større enn inntektene, er det uheldig å ha ei prosentvis høgre utgiftsauke enn inntekter, då dette fører til stadig større disparans mellom utgifter og inntekter.





I 2015 kan vi derimot sjå at den lange trenden med å auke utgifa meir enn inntektene er brote, då vi kutter driftsutgifa med 2,1%. Ei enkel forklaring på reduksjonane er mindre overføringsutgifter grunna fiberutbyggingsprosjekta ble ferdigstilt. Det er vert å merkja seg at driftsutgifter til løn, varer og tenester ikkje auka nemneverdig frå 2014 til 2015, lønsutgifa ble faktisk redusert i perioden. Dette er lyspunktet og kjem bare gjennom hardt arbeid og fokus på forbetra drift i alle einingar i organisasjonen. Legg ein til grunn den generelle lønsauka i offentlig sektor på ca. 2,1% frå 2014 til 2015, kjem ein fram til at vi i realiteten har gjort innsparinger på nesten 2,5%. For området varer og tenester utgjer dette omlag 1,2% innsparing i perioden. Målet her er ytterligare innsparinger på varer og tenester på omlag 4% eller 2 millionar kroner.


## Fordeling av utgifter



Løn utgjer i overkant av 50% av driftsutgiftene til Vang kommune. Det er små endringar frå 2014 til 2015. Den største endringa er reduksjonen i overføringsutgifter som nemnt, dette gjer at løn går frå 52% av utgifa i 2014 til 54% i 2015 (og overføringsutgifa blir redusert frå 7% til 5%). Andre område er uendra.



## Overblikk



Denne grafen viser utviklinga av kommunen sine utgifter og inntekter dei siste 5 åra. Reduksjonen i overføringsinntekter kjem av stadig mindre konsesjonskraftinntekter. Vi har mista ca. 2,1 millionar kroner i konsesjonskraftsinntekt frå 2014 til 2015. Om vi ser tilbake til 2011, er reduksjonen på heile 3,5 millionar kroner. Det betyr at auken vi får gjennom statsbudsjettet går til å dekke inntektstapet vi har på våre kraftinntekter, og ikkje til å dekka lønsauke og inflasjon som kjem kvart år.. Dette betyr at vi framleis må ha fokus på effektivisering av drifta; konsesjonskraftinntekta vil fortsette å minke samtidig som finansutgifta vil auke og finansinntekta vil reduserast grunna auka lånegjeld og lægre renter.



Det rekneskapsmessige mindreforbruket til kommunen kom på 5 878 000 kroner i 2015. Som vi kan sjå av grafen, har mindreforbruket vore på i overkant av 4 millionar kroner dei siste åra. Korleis skal vi tolke desse tala? Eit kvart mindreforbruk kan seiast å vera ein god ting, men ein kan og stille spørsmål ved å ha eit mindreforbruk på mange millionar kroner år etter år.



Eit mindreforbruk betyr at kommunen har brukta mindre pengar enn vi bad om og fekk tildelt av kommunestyret, som sjølv sagt er eit gode. Det kan også lesast som forsiktigheit ved at ein ikkje brukar meir enn naudsynt, slik at ein er sikker på at ein held seg innan for budsjettet.

Gjennomsnittsverdien av det rekneskapsmessige mindreforbruket dei siste 10 åra ligg på 7,4 millionar kroner. I budsjettet for 2016 er alle postar gjennomgått, slik at mindreforbruket skal bli meir reelt ved å redusere totalbudsjettet i samsvar med reelt forbruk dei siste åra. Administrasjonen meiner dette vil vise eit meir korrekt bilde av situasjonen for Vang.


Dei siste 5 åra har mindreforbruket vore på 2,82% av inntekta. Dette bør vi forsøke å redusere til under 1%. Dess nærmare 0 vi kjem i rekneskapsmessigmindreforbruk, dess betre grunnlag får politikarane for å prioritere. Det rekneskapsmessige mindreforbruket kan difor seie noko om økonomisjefen sin kommunikasjon med dei operasjonelle avdelingane og vidareformidlinga av forventa aktivitet til politikarar i talformat. Vi ser med andre ord forbetringspotensiale på dette området.

## Avviksforklaring

Etat	Utgifter	
	Regnskap	Budsjett inkl. endring
Rådmannskontoret	30 170 745	31 237 689
Helseavdelinga	11 309 547	11 227 702
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester	64 709 673	67 957 852
Landbruk teknisk	27 966 463	24 771 299
Skule og kultur	60 254 568	59 232 351
Finans og overføringer	43 769 553	32 055 000
<b>Totalsum</b>	<b>238 180 549</b>	<b>226 481 893</b>

Driftsutgifter per etat

1 000 kr



I 2015 hadde kommunen eit overforbruk på kr 11 699 000 kroner i driftsutgifter. Finans og overføringer hadde det største avviket på kr 11 715 000, landbruk og teknisk hadde eit avvik på kr 3 195 000. IHT skil seg også ut med å ligge 3 248 000 under budsjett.



Finans og overføringer i 1 000 kr		
Konto	Summer av Regnskap	Summer av Budsjett inkl. endring
Pensjon/trekkpliktig forsikring budsjett/premieavvik	1 963	0
Arbeidsgjevaravgift	125	0
Avdragsutgifter	498	500
Avsetnader til disposisjonsfond	2 405	0
Avsetnader til næringsfond	22 137	21 000
Mindreforbruk i driftsrekneskapen	5 878	0
	<b>33 006</b>	<b>21 500</b>

Fordelinga innan finans og overføringer syner at avvika i hovudsak er knytt til pensjon (kr 2 088 000), mindreforbruket som sjølv sagt ikkje vart budsjettert (kr 5 878 000) og avsetnad av fjarårets mindreforbruk (kr 2 405 000) som ved ein feil ikkje vart budsjettert. Desse tre punkta forklarer 83,5% av avvika.

For teknisk etat gjeld avviket avsetningar til bundne fond (her vatn og avløp) som utgjorde 4 645 000 kr i 2015. Ser ein bort i frå denne, då den ikkje var budsjettert, ligg etaten under driftsbudsjettet med 1 450 000 kr.

Innsparingane i IHT kan knytast til løn som står for ca. 1,7 millionar kroner i mindreforbruk eller 53%, resten er knytt til mindreforbruk på varer og tenester.

Etat	Inntekter	Budsjett inkl. endring
	Regnskap	
Rådmannskontoret	-3 026 016	-2 323 000
Helseavdelinga	-3 226 714	-2 752 000
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester	-15 316 321	-14 730 000
Landbruk teknisk	-21 451 696	-19 224 000
Skule og kultur	-20 656 860	-14 620 000
Finans og overføringer	-174 502 941	-172 832 893
<b>Totalsum</b>	<b>-238 180 548</b>	<b>-226 481 893</b>

Det er gledelig at vi har ca. kr 11,7 millionar kroner i meirinntekter enn budsjettert. Dette finansierar heile overforbruket. Alle einingar har høgre inntekter enn budsjettert.

Det er tre hovudforklaringer på meirinntektene: Bruk av mindreforbruk frå 2014 og meir bruk av disposisjonsfond som utgjer ca. 3,94 millionar kroner, statlege overføringer som utgjer ca. 3,8 millionar kroner (mykje av dette kan knytast til flyktninger og mottak), og høgre sjukelønsrefusjonar som utgjer 1,8 millionar kroner. Totalt kan desse forklara ca. 81% av avvika.



Netto forbruk fordelt på etat

Etat	Verdiar	
	Summar av Rekneskap	Summar av Budsjett inkl. endring
Rådmannskontoret	27 144 729	28 914 689
Skule og kultur	39 597 707	44 612 351
Helseavdelinga	8 082 834	8 475 702
Landbruk teknisk	6 514 767	5 547 299
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester	49 393 353	53 227 852
	<b>130 733 390</b>	<b>140 777 893</b>

Tabellen syner at alle etatane ligg netto under budsjett (om ein ser bort frå overføringer til bundne driftsfond på teknisk etat).



## Investeringsrekneskapen

	Rekneskap	Buds(end)	Avvik(per.)
	2015	2015	
<b>Prosjekt: 042 Kjøp/sal av bilar</b>			
01 Investering sum utgifter	409	0	409
02 Investering sum inntekter	-409	0	-409
<b>Sum prosjekt: 042 Kjøp/sal av bilar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: 044 Masterplan Tyin/Filefjell</b>			
01 Investering sum utgifter	-355	0	-355
<b>Sum prosjekt: 044 Masterplan Tyin/Filefjell</b>	<b>-355</b>	<b>0</b>	<b>-355</b>
<b>Prosjekt: 061 Tyinkrysset - nytt reinseanlegg</b>			
01 Investering sum utgifter	377	300	77
02 Investering sum inntekter	-377	0	-377
<b>Sum prosjekt: 061 Tyinkrysset - nytt reinseanlegg</b>	<b>0</b>	<b>300</b>	<b>-300</b>
<b>Prosjekt: 110 KLP - eigenkapitalinnskot</b>			
01 Investering sum utgifter	469	470	-1
02 Investering sum inntekter	-469	0	-469
<b>Sum prosjekt: 110 KLP - eigenkapitalinnskot</b>	<b>0</b>	<b>470</b>	<b>-470</b>
<b>Prosjekt: 125 Startlån</b>			
01 Investering sum utgifter	1.019	0	1.019
02 Investering sum inntekter	-1.019	0	-1.019
<b>Sum prosjekt: 125 Startlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: 144 Kjøp/sal av fast eigedom</b>			
01 Investering sum utgifter	22	0	22
02 Investering sum inntekter	-850	-828	-22
<b>Sum prosjekt: 144 Kjøp/sal av fast eigedom</b>	<b>-828</b>	<b>-828</b>	<b>-0</b>
<b>Prosjekt: 171 Tyinkrysset - avherdingsanlegg</b>			
01 Investering sum utgifter	135	0	135
02 Investering sum inntekter	-135	0	-135
<b>Sum prosjekt: 171 Tyinkrysset - avherdingsanlegg</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



	Rekneskap	Buds(end)	Avvik(per.)
	2015	2015	
<b>Prosjekt: 179 Heensåsen kyrkjegard - utbetring tilkomst</b>			
01 Investering sum utgifter	19	125	-106
02 Investering sum inntekter	-19	0	-19
<b>Sum prosjekt: 179 Heensåsen kyrkjegard - utbetring tilkomst</b>	<b>0</b>	<b>125</b>	<b>-125</b>
<b>Prosjekt: 182 Fredheim barnehage - nybygg/påbygg</b>			
01 Investering sum utgifter	13.736	12.800	936
02 Investering sum inntekter	-13.736	0	-13.736
<b>Sum prosjekt: 182 Fredheim barnehage - nybygg/påbygg</b>	<b>0</b>	<b>12.800</b>	<b>-12.800</b>
<b>Prosjekt: 205 Vangsheimen - videokonferanseutstyr</b>			
01 Investering sum utgifter	119	0	119
02 Investering sum inntekter	-119	0	-119
<b>Sum prosjekt: 205 Vangsheimen - videokonferanseutstyr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: 210 VBU - ombygging/nybygg</b>			
01 Investering sum utgifter	73.551	66.500	7.051
02 Investering sum inntekter	-73.551	-66.500	-7.051
<b>Sum prosjekt: 210 VBU - ombygging/nybygg</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: 216 Gatelys Ryfoss</b>			
01 Investering sum utgifter	103	0	103
02 Investering sum inntekter	-103	0	-103
<b>Sum prosjekt: 216 Gatelys Ryfoss</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: 221 Skibruer Tyinkrysset</b>			
01 Investering sum utgifter	1.500	1.450	50
02 Investering sum inntekter	-1.500	-250	-1.250
<b>Sum prosjekt: 221 Skibruer Tyinkrysset</b>	<b>0</b>	<b>1.200</b>	<b>-1.200</b>
<b>Prosjekt: 225 Hovedledning vatn/avløp VBU</b>			
01 Investering sum utgifter	1.281	930	351
02 Investering sum inntekter	-453	0	-453
<b>Sum prosjekt: 225 Hovedledning vatn/avløp VBU</b>	<b>828</b>	<b>930</b>	<b>-102</b>



# Vang kommune

- vilt og vakkert

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik(per.)
<b>Prosjekt: 227 Overføringsledning Fløgstrøndfjorden</b>			
01 Investering sum utgifter	168	700	-532
02 Investering sum inntekter	-158	0	-158
<b>Sum prosjekt: 227 Overføringsledning Fløgstrøndfjorden</b>	<b>10</b>	<b>700</b>	<b>-690</b>
<b>Prosjekt: 234 Innkjøp av Ipad til kommunestyret</b>			
01 Investering sum utgifter	210	0	210
02 Investering sum inntekter	-210	0	-210
<b>Sum prosjekt: 234 Innkjøp av Ipad til kommunestyret</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: 235 Friluftsomr. kartl/verdis</b>			
01 Investering sum utgifter	102	0	102
02 Investering sum inntekter	-102	0	-102
<b>Sum prosjekt: 235 Friluftsomr. kartl/verdis</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosjekt: Uten</b>			
01 Investering sum utgifter	355	0	355
02 Investering sum inntekter	-10	-15.697	15.686
<b>Sum prosjekt: Uten</b>	<b>345</b>	<b>-15.697</b>	<b>16.042</b>
<b>T O T A L T</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	Rekneskap 2015	Buds(end) 2015	Avvik(per.)
01 Investering sum utgifter	93.220	83.275	9.945
02 Investering sum inntekter	-93.220	-83.275	-9.945
<b>T O T A L T</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>


I 2015 har kommunen investert i 17 prosjekt med eit totalforbruk på 93 220 000 kroner. Dette er 9 945 000 meir enn budsjettet. Avvika er knytt til: VBU utbygginga var budsjettet med for lite mva (7 051 000 kroner). Fredheim- prosjektet vart kr. 936 000 dyrare enn budsjettet og startlån på 1 019 000 kroner var ikkje kome med i budsjettet. Finansieringa av dei 93,2 millionar ser slik ut:




Finansiering av investeringar	
Lån	60 172 000
Momskompensasjon	17 303 000
Bruk av næringsfond	13 490 000
Sal av eigedom	850 000
Bruk av ubundne inv.fond	589 000
Refusjonar frå private	473 000
Motteke avdrag	261 000
Refusjon frå staten	82 000
TOTAL	93 220 000

Grunna tilbakeføring av tilskott til prosjekt 044 Masterplan Filefjell, endar vi på eit mindreforbruk på investeringsrekneskapen på 355 000 kroner.

## Fondsoversikt



Denne figuren viser Vang kommune sine frie fondsmidlar dei siste 5 år, og ein kan her sjå at den har ei negativ utvikling. Totalt vart det netto brukt ca. 7,3 millionar kroner av disposisjonsfondet i 2015. Det er også verdt å merkje seg at premieavviket no utgjer 9 millionar kroner av ein total på 13 millionar i disposisjonsfond. I 2015 vart premieavviksfondet for første gong redusert med totalt ca. 2,1 millionar kroner. I realiteten har Vang kommune berre eit disposisjonsfond på 2 millionar kroner og dette er budsjettet brukt opp i 2016. Tilrådd størrelse på disposisjonsfondet ligg på 10 – 15 % av driftsinntektene. For Vang utgjer dette mellom 20 – 30 millionar kroner. Grunna mindreforbruk i 2015, kan vi fylle på disposisjonsfondet med ca. 6 millionar kroner.



Næringsfondet er på kr 46,7 millionar kroner ved utgangen av 2015, ein nedgang på kr. 0,9 millionar. Den låge nedgangen kjem av at vi i 2015 finanserte størstedelen av investeringsrekneskapet med låneoptak. På grunn av store, planlagde investeringar i tida framover, vil næringsfondet bli redusert til ein hittil minste sats på ca 26 millionar kroner. Det er ynskjeleg å byrje å bygge opp fondet igjen, og det er håp om å starta sparing igjen frå 2018. Reduksjonane heng i saman med dei store investeringsplanane som byrja i 2013 med Fredheim barnehage (ferdig 2015), VBU (ferdig 2016) og reinseanlegg (ferdig 2016). Totalpakka ligg på i overkant av 172 millionar kronar eks moms.

## Utfordringar

Vang kommune er inne i ei svært investeringsaktiv periode, som bruker mykje av reservekapitalen vår. Næringsfondet er planlagt redusert til 26 millionar kroner som er grenseverdien som er sett. Disposisjonsfondet vil vera borte om underskottet held fram. Gjeldsbyrda vil fortsette å auke for å få ferdig den vedtekne investeringspakka, noko som igjen vil føre til ein vanskelegare økonomisk situasjon.

Dei seinaste rapportane frå Vang energiverk er bekymringsfulle, då det kan sjå ut til at kraftinntekta vil gå ned med 3 – 5 millionar kroner frå 2017 og utover. Som diskutert over, er økonomien i Vang anstrengt og med ytterlegare tap av inntekter, vil dette krevje ytterlegare effektivisering og i verste fall kutt i tenestetilbodet.

Ulempa til Vang er at vi har ei større formue og inntektsbase knytt til investeringar, men vi er sterkt utfordra på driftssida. Framtidige investeringar må føre til auka innbyggjartal og helst effektivisert drift. Ein bør ikkje investere i prosjekt som fører til auka driftsutgifter.

Vi har i dag eit for høgt tenestetilbod i forhold til inntekta og eit større fokus på prioriteringar blir nok kvar dagen framover. Det gledelege er jo sjølv sagt at prosessen er godt i gang, vi har greidd å redusere driftsutgiftene våre, og håpar å fortsette denne trenden slik at vi kan halde tritt med det forventa inntektstapet.


Dei viktigaste økonomiske utfordingane til Vang kommune.

- Nedgang i folketal
- Nedgang kraftinntekter
- Arbeidsmarknad
- Bustader





Aldersgrupper	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016
<b>Barnehage 0 - 5 år</b>	101	95	91	92	90	83
<b>Grunnskole 6 - 16 år</b>	207	194	192	191	191	186
<b>Vidaregåande 17 - 19 år</b>	79	85	64	59	51	56
<b>Student 20 - 26 år</b>	126	142	144	136	153	139
<b>Arbeid 27 - 67 år</b>	826	838	850	858	862	843
<b>Tidlig pensjonist 67 - 77 år</b>	122	134	133	144	160	179
<b>Erfarne pensjonistar</b>	130	129	123	122	112	104
<b>Totalsum</b>	<b>1591</b>	<b>1617</b>	<b>1597</b>	<b>1602</b>	<b>1619</b>	<b>1590</b>

Vi kan her sjå at folketalet til Vang er svært varierande. Dette heng saman med mottaket som ligg i bygda. Flyktingar som har fått opphold i Norge blir rekna som innbyggjarar i Vang fram til dei får tildelt bustadkommune. Det var sterkt fokus på den aukande flyktingstraumen i siste halvdel av 2015. Norske kommunar gjorde eit krafttak, og fekk busett mange flyktingar, som budde i asylmottak. Dette er hovudårsaka til at folketalet i Vang falt dramatisk frå 1627 i 3. kvartal til 1590 ved utgangen av 4. kvartal. Det flytta ut 68 personer i løpet av 4. kvartal. Det er, som allereie nemnt, positivt at vi har ei stabil innanlands tilflytting



og vi kan sjå av grafen at denne har ein svakt stigande trend. Tabellen syner også at barnetala er minkande i alle aldersgrupper. Vang lever innbyggjarane sine, og det er eit problem at vi stadig får færre born i kommunen. Mange innbyggjarar er i studentalder, og når dei er ferdige med utdanninga, vil dei anten flytte tilbake til Vang eller flytta ut. Arbeidsmarknaden i Vang er ikkje altfor stor, så vi kan frykte at mange ferdigutdanna vel å flytta ut av kommunen.



Pensionistane utgjer den aukande delen av befolkninga. Talet på pensjonistar har auka med 12% sidan 2011. Pensjonistane utgjer no 17,8% av befolkninga i Vang kommune, ei auke på 1,0% i forhold til 2014.

Gruppe	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016
Barnehage og skulelever	24,32 %	23,13 %	21,73 %	21,35 %	20,51 %	20,44 %
Student 20 - 26 år	7,92 %	8,78 %	9,02 %	8,49 %	9,45 %	8,74 %
Arbeid 27 - 67 år	51,92 %	51,82 %	53,22 %	53,56 %	53,24 %	53,02 %
Pensjonistar	15,84 %	16,26 %	16,03 %	16,60 %	16,80 %	17,80 %
<b>Totalsum</b>	<b>100,00%</b>	<b>100,00%</b>	<b>100,00%</b>	<b>100,00</b>	<b>100,00%</b>	<b>100,00%</b>

Kjernearbeidsstyrka i aldersgruppa 27 til 67 år, har auka dei siste åra. Det er berre i 2015 vi kan sjå ein nedgang i talet på innbyggjarar i denne gruppa, samt andelen dei utgjer av befolkninga i Vang. Frå 2011 til i dag har vi fått færre born, fleire studenta, fleire innbyggjarar mellom 27 – 67 år, og fleire pensjonistar.



Aldersgruppe	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016
0 - 2 år	48	44	44	42	44	36
3 - 5 år	53	51	47	50	46	47
6 - 8 år	51	55	56	53	50	47
9 - 11 år	53	44	48	48	56	59
12 - 14 år	55	60	53	51	44	48
15 - 17 år	70	68	49	57	59	52
18 - 20 år	70	84	80	62	56	52
21 - 23 år	51	53	51	62	75	63
24 - 26 år	62	57	63	53	55	60
<b>Totalsum</b>	<b>513</b>	<b>516</b>	<b>491</b>	<b>478</b>	<b>485</b>	<b>464</b>

Denne tabellen skal syne framtidig utvikling. Vi ser at talet på eldre aukar, medan tala på yngre blir mindre. Dette medfører ein befolkningsnedgang over tid.

Aldersgruppe	Total 2011	Total 2012	Total 2013	Total 2014	Total 2015	Total 2016
27 - 29 år	46	56	63	69	61	53
30 - 32 år	45	49	53	55	57	62
33 - 35 år	44	39	40	44	62	63
36 - 38 år	56	57	47	54	52	48
39 - 41 år	73	62	69	57	53	53
42 - 44 år	53	68	71	75	65	64
45 - 47 år	64	57	55	55	70	71
48 - 50 år	60	65	70	64	56	56
51 - 53 år	73	68	63	59	68	70
54 - 56 år	69	76	77	74	65	61
57 - 59 år	57	63	60	73	76	80
60 - 62 år	71	59	55	52	60	59
63 - 65 år	76	83	80	71	59	53
66 - 67 år	39	36	47	56	58	50
<b>Totalsum</b>	<b>826</b>	<b>838</b>	<b>850</b>	<b>858</b>	<b>862</b>	<b>843</b>

Ser vi dette saman med gruppa i arbeid så ser vi at sjølv om innbyggjarane i Vang i snitt blir eldre så vil det ta 25 år før vi får kull som er mindre enn dei som går ut i pensjon. Problemet kjem dersom dei unge ikkje blir buande i vang. Trenden er at den eldre garde stadig blir fleir mens den yngre del av befolkninga blir redusert.

Ei anna utfordring er tilgang på bustader. Grunna ei sterkt auke ny sysselsatte i Vang på slutten av året og inn i 2016 så har vi hatt problem med å finne bustad til alle saman. Dette gjør at folketale i Vang ikkje aukar då nytilsette må finna seg ei bustad i ei anna kommune. Inntekta til Vang kommune kjem hovudsaklig frå innbyggjarane, dette er dermed eit stort problem for oss.



## KOSTRA

Samanlikningskommunane er sett opp slik at dess nærmere Vang dei er i størrelse, de større samanlikningsgrunnlag er det. Nord-Aurdal er t.d. så mykje større enn Vang at det er vanskelig å sjå klare samanlikningsgrunnlag grunna stordriftsfordelane til Nord-Aurdal. Det er difor Nord-Aurdal er på botnen av tabellane, då dei truleg har minst til felles med Vang.

## Finansielle Nøkkeltal

Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	-2,2	-2,4	-3,2	-3,9	-1,0
Kostragruppe 06	1,3	2,0	1,5	0,7	1,1
Etnedal	1,0	2,1	5,5	4,2	5,0
Vestre Slidre	1,1	-1,2	-0,9	-8,9	-3,9
Sør-Aurdal	6,2	3,6	2,6	-1,7	4,5
Øystre Slidre	9,2	0,2	-1,4	-2,4	5,5
Nord-Aurdal	6,5	6,8	6,7	4,1	2,2

Brutto driftsresultatet i prosent av brutto driftsinntekter syner ei utvikling brote i 2015. Vi er framleis godt under dei fleste vi kan samanlikne oss med både i Valdres og Kostragruppe 6, men vi nærmar oss. Målet til Vang vil i fyrsteomgang væra å gå i 0, då vi har kraftinntekter som hjelper oss å med å bygge fond.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	7,1	6,8	7,4	6,0	6,3
Kostragruppe 06	2,8	3,3	3,0	2,1	4,0
Etnedal	5,6	5,7	7,7	8,6	9,2
Vestre Slidre	3,3	-0,3	-0,6	-8,0	-1,3
Sør-Aurdal	4,9	2,9	1,7	-2,8	3,3
Øystre Slidre	13,5	3,6	1,9	1,1	3,1
Nord-Aurdal	6,6	6,8	6,1	4,5	2,5

Når vi ser på netto driftsresultat, ligg Vang i topptoppssjiktet, berre slått av Etnedal. Resultatet ligg godt over anbefalingane, men som nemnt over, er ikkje tala så bra som dei først kan sjå ut som. Korrigerer vi for bundne midlar så ender vi med eit netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på -1,9%, noko som er lægst av alle vi samanliknar oss med og under anbefalt grense. Vi har difor fortsat noko å strekke oss etter.

Frie inntekter i kroner per innbyggjar					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	54 815,0	58 793,0	60 501,0	61 565,0	63 477,0
Kostragruppe 06	61 567,0	65 629,0	66 425,0	68 850,0	70 316,0
Etnedal	57 913,0	61 152,0	65 516,0	68 238,0	73 726,0
Vestre Slidre	47 215,0	50 026,0	54 082,0	54 772,0	56 609,0
Sør-Aurdal	52 976,0	56 622,0	58 501,0	60 252,0	61 759,0
Øystre Slidre	47 442,0	50 840,0	52 891,0	54 009,0	55 599,0
Nord-Aurdal	42 188,0	45 480,0	46 707,0	47 425,0	50 544,0



Når vi kjem til dei frie inntektene til kommunen, ligg vi godt under dei vi nærmast kan samanlikna oss med. Gjennomsnittleg auke ligg på 3,76% i året for Vang, därlegast av alle bortsett frå Kostragruppe 6, som har fått auka dei frie inntektene med 3,4% i snitt. Valdres kommunane har hovudsakleg auka sine frie inntekter med over 4% i året.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	125,0	127,9	133,9	137,7	184,9
Kostragruppe 06	197,4	202,1	205,8	211,5	217,5
Etnedal	147,4	160,1	159,8	159,3	170,0
Vestre Slidre	141,4	147,6	154,3	173,6	175,3
Sør-Aurdal	169,8	164,3	182,2	196,2	200,2
Øystre Slidre	170,3	173,2	176,7	193,5	183,3
Nord-Aurdal	177,3	181,4	193,2	202,7	184,7

Vang kommune har i dei siste åra drive ei ekspansiv utbygging av tilboda i kommunen. Dette har ført til at vi for første gong har teke opp lån for å finansiere alle prosjekta. Dette kjem tydeleg fram i 2015, og langsiktig gjeld vil fortsette å auke i tida framover. Langsiktig gjeld før 2015 er i hovudsak pensjonsforpliktingar og lån gjennom husbanken som blir gjeve som støtte. Største delen av gjelda er pensjonsforpliktingane til kommunen, som i dag ligg på i overkant av 266 millionar kroner, ei auke på 5,5% frå 2014.

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	35,9	37,4	42,8	37,0	50,4
Kostragruppe 06	21,0	18,2	21,8	23,1	28,7
Etnedal	8,3	9,6	14,3	19,9	30,0
Vestre Slidre	24,1	17,5	12,8	4,1	4,4
Sør-Aurdal	17,0	15,2	14,7	11,8	24,6
Øystre Slidre	33,5	29,0	25,5	29,9	26,4
Nord-Aurdal	11,7	11,9	19,9	24,4	19,1

Ser vi på arbeidskapitalen, har den forbetra seg kraftig i 2015 som følgje av at investeringane vart finansiert ved lån. Vang skal no ha likviditetsreservar til å klare seg igjennom det pågående investeringsprogrammet sjølv om nye lån er nødvendig.

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	-1 344,0	-2 142,0	-1 900,0	-2 478,0	32 998,0
Kostragruppe 06	54 724,0	59 700,0	65 934,0	68 328,0	72 122,0
Etnedal	6 737,0	18 232,0	19 049,0	19 175,0	15 216,0
Vestre Slidre	26 017,0	30 982,0	34 048,0	33 584,0	36 563,0
Sør-Aurdal	39 782,0	41 748,0	47 387,0	50 087,0	51 568,0
Øystre Slidre	43 211,0	40 965,0	38 455,0	43 172,0	44 962,0
Nord-Aurdal	36 555,0	42 619,0	44 002,0	45 176,0	45 757,0

Vi ser her at låneopptaket kjem godt fram ved at vi har gått frå å ha ei netto formue per innbyggjar, til å ha ei gjeldsbyrde tilsvarannde 32 998 kroner per innbyggjar i 2015. Vi går frå å vera soleklart best i klassen til å bli meir lik kommunane rundt oss. Unntaket er Etnedal som fortsatt har svært låg nettogjeld per innbyggjar. Sidan det fortsatt er store



investeringsprosjekt under bygging og prosjektering, vil dette talet bli noko verre framover. Vi håpar og sjå ein topp rundt 2018 eller 2019, avhengig av forventa investeringsaktivitet.

## Prioriteringar

Prioriteringar skal vise korleis ein prioriterer pengebruken i kommunen. Det er i hovudsak ikkje meint å lesast som eit produktivitetsmål, som ein stykkpris, for eksempel. Den bør heller brukast til å sjå om ein er einig i korleis pengane er prioritert, og om dei følgjer dei retningsliner som er gjeve.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	126 349,0	133 486,0	124 542,0	155 440,0	155 096,0
Kostragruppe 06	114 651,0	125 283,0	124 333,0	138 009,0	134 199,0
Etnedal	103 720,0	133 486,0	120 652,0	159 810,0	174 420,0
Vestre Slidre	103 551,0	109 135,0	122 664,0	126 342,0	124 327,0
Sør-Aurdal	87 148,0	97 196,0	95 529,0	110 205,0	109 634,0
Øystre Slidre	88 142,0	99 935,0	115 226,0	113 216,0	122 907,0
Nord-Aurdal	88 244,0	102 548,0	101 545,0	110 777,0	117 098,0

Barnehagedrift er viktig for Vang kommune, og er høgt prioritert. Vi bruker 15,5% meir per barn mellom 1- 5 år enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Etnedal bruker klart mest per barn, så vi kjem på andre plass i Valdres. Denne tabellen viser kor mykje vi bruker på barnehagar per barn, uavhengig om barna går i barnehage eller ikkje. Vi har ein liten nedgang frå 2014 til 2015, som kan sjåast i samanheng med at Fredheim barnehage opna og Åsvang barnehage ikkje hadde drift etter haustferien.

Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	161 915,0	172 486,0	170 308,0	176 246,0	171 945,0
Kostragruppe 06	137 623,0	147 162,0	150 890,0	156 567,0	161 334,0
Etnedal	123 292,0	139 647,0	133 310,0	141 292,0	134 685,0
Vestre Slidre	123 715,0	130 996,0	122 496,0	129 328,0	120 405,0
Sør-Aurdal	107 023,0	117 166,0	129 547,0	123 699,0	126 450,0
Øystre Slidre	112 160,0	124 032,0	128 930,0	141 851,0	129 247,0
Nord-Aurdal	89 165,0	91 443,0	85 832,0	95 022,0	95 409,0

For å få innbyggjarar til Vang kommune, er grunnskulen sjølv sagt viktig. Vi brukar noko meir per skulebarn enn vi brukar på barnehage. Også her ligg vi godt over snittet, og er den som brukar mest på skule i Valdres i forhold til born i skulepliktig alder. Vi ser at samlinga av alle elevar på VBU har fått effekt, ved at utgiftene har blitt sterkt reduserte med ein nedgang på 2,4% frå 2014. Denne effekten vil fortsette, då vi fyrst i 2016 får fullårs effekt av samlinga til ei skule. Forhåpentlegvis kan dei gode tala Vang har på redusert bruk av spesialundervisning, høgt tal på elevar med direkte overgang til vidaregåande opplæring og at Vang har klart høgste gjennomsnittet i grunnskolepoeng i Valdres, syne tilbake til det fokuset vi har på skule og barnehage.



Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsenesta					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	4 331,0	4 513,0	4 954,0	5 700,0	6 006,0
Kostragruppe 06	4 036,0	4 448,0	4 525,0	4 872,0	5 222,0
Etnedal	3 209,0	3 912,0	3 771,0	4 842,0	6 334,0
Vestre Slidre	3 522,0	4 049,0	3 417,0	4 697,0	4 738,0
Sør-Aurdal	2 318,0	2 644,0	3 037,0	3 404,0	3 848,0
Øystre Slidre	2 537,0	2 499,0	2 679,0	3 063,0	3 454,0
Nord-Aurdal	2 192,0	2 267,0	2 423,0	2 601,0	3 292,0

Innan kommunehelsenesta kan vi sjå at det er auka fokus på helse der det har vore ei bratt auke i 2014 som no har stabilisert seg. Auka frå 2014 til 2015 er på 5,4% noko som berre er slått av Vestre-Slidre med si marginale auke på 0,9%. Vang brukar nest mest i Valdres, berre slått av Etnedal, og ligg 15% over samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Ei forklaring til auken er sjølv sagt asylmottaket, som er svært stort i forhold til innbyggjartalet, og difor krev høgre ressursbruk.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	30 343,0	32 458,0	33 741,0	35 170,0	34 894,0
Kostragruppe 06	25 554,0	27 891,0	26 229,0	28 268,0	27 710,0
Etnedal	23 058,0	26 587,0	25 440,0	27 772,0	27 987,0
Vestre Slidre	16 011,0	17 917,0	17 757,0	17 744,0	18 073,0
Sør-Aurdal	20 821,0	23 318,0	23 509,0	25 282,0	23 313,0
Øystre Slidre	16 098,0	17 708,0	18 255,0	19 515,0	19 354,0
Nord-Aurdal	17 813,0	19 894,0	19 345,0	21 396,0	24 380,0

Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunale pleie og omsorgstenester, konsern					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	399 768,0	464 597,0	415 062,0	445 458,0	401 601,0
Kostragruppe 6	371 699,0	403 729,0	377 425,0	406 801,0	403 014,0
Etnedal	310 588,0	311 556,0	295 299,0	340 938,0	363 567,0
Vestre-Slidre	215 698,0	276 277,0	284 375,0	267 709,0	288 641,0
Sør-Aurdal	295 787,0	290 066,0	295 502,0	300 846,0	297 580,0
Øystre-Slidre	285 567,0	306 958,0	308 170,0	325 447,0	342 174,0
Nord-Aurdal	380 542,0	448 354,0	415 309,0	427 643,0	485 802,0

Pleie- og omsorgstenesta ligg 26% over våre nærmeste samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Vang har hatt ei utgiftsauke over eitt prosentpoeng meir pr. år dei siste 5 åra, enn nemnde gruppe. Sjølv om vi i 2015 har redusert utgiftene, har kommunane i kostragruppe 6 redusert utgiftene meir. Unntaket er Etnedal, Vestre-Slidre og Nord-Aurdal som auka utgiftene frå 2014 til 2015. Dersom vi ser på korrigerte brutto driftsutgift per mottakar, ligg Vang framleis nest høgst samanlikna med Valdres, berre «slått» av Nord-Aurdal. Vang ligg marginalt under kostragruppe 6.



Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	1 572,0	1 614,0	1 338,0	2 119,0	2 395,0
Kostragruppe 06	2 293,0	2 019,0	2 342,0	2 903,0	3 132,0
Etnedal	1 974,0	2 676,0	3 305,0	3 978,0	4 163,0
Vestre Slidre	2 541,0	3 007,0	3 702,0	3 129,0	3 745,0
Sør-Aurdal	1 952,0	2 337,0	2 565,0	3 532,0	3 775,0
Øystre Slidre	2 126,0	2 177,0	1 673,0	2 054,0	3 528,0
Nord-Aurdal	2 731,0	2 411,0	2 874,0	3 405,0	3 513,0

Vang har låge utgifter til sosialtenesta føregående år. Utgiftene har vore aukande spesielt frå 2014 og 2015. Vi har derimot lægre utgifter per innbyggjar enn dei vi samanliknar oss med. Noko av forklaringa kan vera at vi har noe fleire innbyggjarar i aktuell aldersgruppe enn gjennomsnittet i Valdres. Nord-Aurdal og Øystre-Slidre ligg marginalt over Vang i talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa, men berre med ca. 0,1% - 0,3% forskjell, om ein ser på innbyggjarar per 01.01.16. Ein jobbar fortsatt aktivt for å redusere utgiftene og halde dei på eit lågt nivå.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	6 767,0	6 067,0	6 910,0	8 886,0	7 612,0
Kostragruppe 06	7 516,0	9 258,0	10 725,0	13 209,0	12 969,0
Etnedal	9 593,0	8 281,0	6 650,0	7 858,0	7 436,0
Vestre Slidre	7 987,0	9 000,0	9 661,0	10 301,0	9 285,0
Sør-Aurdal	3 755,0	4 258,0	5 235,0	7 450,0	9 396,0
Øystre Slidre	4 281,0	4 260,0	4 688,0	4 756,0	7 637,0
Nord-Aurdal	6 947,0	7 835,0	6 958,0	8 506,0	9 160,0

Vang har låge driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år til barnevernteneste. Dette kan kanskje dels forklaraast med at Vang har over eitt prosentpoeng færre innbyggjarar i denne aldersgruppa enn resten av Valdres. Utgiftsnivået kan ikkje seiast å gå utover kvaliteten på tenesta, då alle saker vart behandla innan lovpålagde tidsfristar. Vi kan forvente ei auke her framover, då Vang Kommune startar eit bufellesskap for 6 einslege mindreårige flyktningar i 2016. Vi meiner at samarbeidet med Vestre-Slidre fungerer svært godt, og dei gjer ein god jobb for Vang kommune.

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	8 823,0	10 277,0	9 297,0	10 011,0	10 345,0
Kostragruppe 06	10 076,0	10 686,0	10 730,0	11 411,0	11 220,0
Etnedal	8 933,0	7 342,0	7 419,0	8 096,0	8 958,0
Vestre Slidre	5 720,0	6 158,0	6 616,0	7 129,0	8 512,0
Sør-Aurdal	5 025,0	5 485,0	5 475,0	6 924,0	6 754,0
Øystre Slidre	5 171,0	5 643,0	6 871,0	7 437,0	4 572,0
Nord-Aurdal	4 648,0	4 440,0	4 291,0	4 046,0	3 788,0



Vi ser at Vang ligg godt under samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, med nærmere 8% lægre utgifter. Vi brukar likevel mest på administrasjon og styring i Valdres. Det er verdt å merke seg at sjølv om Etnedal er ei mindre kommune enn Vang, har dei svært låge driftsutgifter på dette området. Ei forklaring kan vera at Vang kommune ikkje har splitta felleskostnader på dei respektive funksjonane, og med det får vi ei unaturlig høg utgift på funksjon 120. Det vil vera naturleg å sjå nærmere på dette. Når ein ser på dei store sprika i år i kvar einskild kommune, er det i hovudsak ikkje lønskostander og dermed tilsette som er drivande her, spesielt sidan lønskostnadene i administrasjonen gjekk ned for Vang i 2015.

## Dekningsgrader

Her kjem det tabellar som seier noko om i kor stor grad tenestebehovet i Vang kommune er dekkja. Tabellane er ikkje kommentert i nemneverdig grad, då tala i hovudsak er positive, og det er ingen tal som er nemneverdig høge eller låge.

Andel barn 1-5 år med barnehageplass					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	92,8	101,4	92,8	94,7	93,2
Kostragruppe 06	90,4	90,0	89,2	88,6	89,2
Etnedal	93,3	95,7	95,7	90,5	90,0
Vestre Slidre	98,3	96,0	96,4	82,0	86,7
Sør-Aurdal	89,9	90,8	89,2	86,3	86,6
Øystre Slidre	88,4	91,7	92,5	92,0	94,0
Nord-Aurdal	86,3	85,4	86,9	88,5	86,9

Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	11,2	11,2	8,0	7,5	4,3
Kostragruppe 06	12,4	11,6	10,9	10,4	10,4
Etnedal	9,0	9,6	9,4	9,8	9,1
Vestre Slidre	9,8	10,8	11,3	10,5	9,5
Sør-Aurdal	10,5	12,4	14,7	13,2	13,6
Øystre Slidre	9,2	11,0	10,4	9,5	8,5
Nord-Aurdal	9,1	8,1	9,0	8,4	8,3

Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	12,4	18,8	16,9	16,7	17,0
Kostragruppe 06	17,6	18,4	18,2	17,8	18,2
Etnedal	14,2	14,3	14,2	10,2	15,7
Vestre Slidre	12,9	13,0	13,2	13,2	14,2
Sør-Aurdal	6,3	6,4	6,4	6,5	7,1
Øystre Slidre	12,0	11,9	11,9	11,9	12,5
Nord-Aurdal	10,6	10,6	10,6	15,6	15,9

Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	12,4	9,4	13,2	12,4	12,6
Kostragruppe 06	11,7	11,7	12,9	12,9	12,7
Etnedal	14,2	14,3	14,2	14,3	15,4



Vestre Slidre	8,1	8,2	8,3	8,3	2,0
Sør-Aurdal	13,0	13,0	13,0	13,1	13,4
Øystre Slidre	10,0	11,4	9,7	9,7	10,0
Nord-Aurdal	11,0	10,4	10,4	10,6	10,8

Andel plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Kostragruppe 06	95,9	95,0	95,2	96,5	96,3
Etnedal	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Vestre Slidre	85,7	100,0	100,0	100,0	100,0
Sør-Aurdal	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Øystre Slidre	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Nord-Aurdal	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	23,1	23,8	23,6	20,4	13,2
Kostragruppe 06	19,1	19,1	17,5	17,5	16,9
Etnedal	13,7	11,0	12,7	13,3	17,3
Vestre Slidre	17,8	22,9	16,7	15,2	12,8
Sør-Aurdal	15,7	13,8	15,7	16,0	13,1
Øystre Slidre	21,1	20,2	21,3	20,9	22,8
Nord-Aurdal	9,4	9,6	10,4	9,4	7,3

Andelen sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	3,5	3,4	3,8	3,6	4,1
Kostragruppe 06	4,7	0,0	0,0	0,0	5,2
Etnedal	5,7	4,4	5,5	5,9	5,2
Vestre Slidre	4,8	5,3	5,0	5,6	6,7
Sør-Aurdal	5,4	4,2	5,0	5,1	6,0
Øystre Slidre	4,4	4,2	4,3	4,0	4,0
Nord-Aurdal	5,6	3,0	5,8	6,9	6,8

Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	5,3	5,4	5,3	7,7	7,3
Kostragruppe 06	6,5	0,0	0,0	0,0	0,0
Etnedal	5,4	4,6	4,9	4,7	4,2
Vestre Slidre	5,4	7,2	7,3	8,2	7,3
Sør-Aurdal	6,9	5,1	5,3	6,1	5,8
Øystre Slidre	2,5	3,1	3,5	3,7	3,7
Nord-Aurdal	4,9	4,4	4,3	4,9	5,5



**Sykkel-, gangveier/turstiar mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innbyggjarar**

Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	1 899,0	0,0	44,0	43,0	44,0
Kostragruppe 06	116,0	0,0	246,0	225,0	153,0
Etnedal	362,0	0,0	85,0	86,0	15,0
Vestre Slidre	31,0	0,0	37,0	37,0	37,0
Sør-Aurdal	19,0	0,0	19,0	19,0	20,0
Øystre Slidre	9,0	0,0	12,0	13,0	12,0
Nord-Aurdal	16,0	0,0	16,0	17,0	15,0

**Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggjarar**

Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	23,0	23,0	24,0	23,0	23,0
Kostragruppe 06	36,0	35,0	35,0	36,0	36,0
Etnedal	28,0	29,0	27,0	26,0	28,0
Vestre Slidre	18,0	24,0	26,0	26,0	26,0
Sør-Aurdal	33,0	32,0	35,0	32,0	31,0
Øystre Slidre	19,0	19,0	19,0	19,0	22,0
Nord-Aurdal	24,0	25,0	28,0	28,0	28,0

**Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggjarar**

Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	0,7	0,8	0,8	1,2	0,8
Kostragruppe 06	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Etnedal	1,7	1,7	1,8	2,1	1,8
Vestre Slidre	0,5	0,3	0,6	0,9	0,4
Sør-Aurdal	1,6	0,1	0,1	0,0	1,6
Øystre Slidre	1,4	0,5	0,5	0,6	0,4
Nord-Aurdal	1,0	1,0	1,0	0,9	1,0



## Produktivitet og einingskostnader

Desse tabellane presenterer kostnader per eining, og med det produktivitet. Det er store skilnader på tenestenivået, då det ikkje ligg føre eit standard tenestenivå. Det kan difor vera vanskeleg å samanlikne produktiviteten.

Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	161 208,0	158 493,0	159 987,0	194 972,0	196 456,0
Kostragruppe 06	151 038,0	163 052,0	164 453,0	180 964,0	179 027,0
Etnedal	143 043,0	164 147,0	156 394,0	206 333,0	217 587,0
Vestre Slidre	127 207,0	134 612,0	151 302,0	180 747,0	169 835,0
Sør-Aurdal	128 202,0	133 855,0	129 608,0	148 898,0	138 552,0
Øystre Slidre	133 807,0	137 046,0	156 025,0	160 488,0	170 678,0
Nord-Aurdal	132 362,0	146 607,0	144 434,0	158 230,0	166 953,0

Barnehage er eit høgt prioritert område for Vang kommune. Det kjem fram av desse tala, ved at vi ligg godt over gjennomsnitt med samanliknbare kommunar. Einaste kommune som brukar meir pengar per born i Valdres, er Etnedal. Vang ligg rundt 9,7 % over snittbruken i kostragruppe 6. Utgiftene i Vang har auka, då same gruppe har redusert kostnadene i perioden. Grunna låge fødselstal, kan det bli vanskeleg å redusere desse utgiftene pga. lovkrav om antal tilsette per born. Ein reduksjon i einingskostnadene vil medføre eit redusert tenestetilbod i ytтарste konsekvens, då dette som oftast vil medføre fleire born per tilsett og med det større einingar.

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokalar og skuleskyss per elev					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	161 897,0	170 922,0	169 475,0	176 250,0	174 322,0
Kostragruppe 06	137 318,0	146 616,0	150 384,0	157 254,0	163 740,0
Etnedal	120 858,0	125 456,0	127 334,0	133 622,0	138 193,0
Vestre Slidre	128 435,0	138 832,0	136 877,0	131 416,0	133 515,0
Sør-Aurdal	106 452,0	118 778,0	127 159,0	127 000,0	126 817,0
Øystre Slidre	108 514,0	119 583,0	122 520,0	129 719,0	124 225,0
Nord-Aurdal	90 981,0	91 673,0	88 532,0	98 272,0	98 373,0

På skulesektoren ligg Vang klart over alle kommunar vi kan samanlikne oss med. Vi ser ein nedgang frå 2014 til 2015 som følgje av samlinga av alle born på VBU. Vi håper å kunne sjå ein ytterlegare nedgang i , når vi får heillårs effekt av samlinga. Grunna avskrivningar på nybygget så vil vi nok sjå ei auke att frå 2017.

Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	8,0	7,7	8,2	8,4	9,7
Kostragruppe 06	8,7	8,7	8,9	8,7	8,6
Etnedal	10,7	10,7	11,4	10,2	11,5
Vestre Slidre	10,2	10,4	10,1	10,3	10,5
Sør-Aurdal	9,9	9,5	9,2	9,9	9,5
Øystre Slidre	10,5	11,4	11,0	11,0	11,0
Nord-Aurdal	13,0	14,5	14,2	14,3	13,6

Vi ser her at samlinga av alle borna i ei skule har hatt sin effekt ved at vi har auka gjennomsnittleg størrelse på gruppene frå 8,4 elevar per klasse til 9,7. Vang ligg fortsatt lågt i



Valdres, berre Sør-Aurdal har mindre grupper, men Vang ligg godt over gjennomsnittet til samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Det kan sjå ut som vi brukar ei aning meir på skule enn Valdres generelt, då gruppestørrelsen ikkje samsvarar heilt med driftsutgiftene vi har per elev.

<b>Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester (i kroner)</b>					
<b>Kommune</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Vang	167 019,0	205 663,0	184 179,0	208 019,0	196 851,0
Kostragruppe 06	205 370,0	225 082,0	206 422,0	225 903,0	222 044,0
Etnedal	163 649,0	161 532,0	153 861,0	189 358,0	204 276,0
Vestre Slidre	198 479,0	255 024,0	262 125,0	247 379,0	258 563,0
Sør-Aurdal	172 882,0	167 623,0	173 224,0	182 020,0	178 238,0
Øystre Slidre	154 412,0	163 116,0	170 080,0	177 552,0	184 933,0
Nord-Aurdal	278 066,0	346 948,0	314 672,0	312 182,0	327 548,0

Inna heimetenestane har vi redusert utgiftene med 5,4% frå 2014 til 2015, til eit nivå godt under samanliknbare kommunar. I Valdres er det bare Sør-Aurdal og Øystre-Slidre som er betre enn Vang og vi har heile 11,3% mindre utgifter enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Reduksjonen kan forklarast med omlegginga av drifta med reduksjon av institusjonsplassar til meir heimebasert omsorg. Det er fleire heimetenestemottakarar i 2015 enn i 2014.

<b>Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass</b>					
<b>Kommune</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Vang	1 000 676,0	1 079 559,0	1 048 147,0	1 074 029,0	934 529,0
Kostragruppe 06	892 935,0	969 102,0	989 738,0	1 069 783,0	1 067 640,0
Etnedal	859 955,0	1 000 818,0	975 091,0	1 016 591,0	979 909,0
Vestre Slidre	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sør-Aurdal	776 364,0	739 412,0	746 627,0	752 412,0	706 216,0
Øystre Slidre	686 116,0	777 093,0	767 326,0	808 558,0	799 721,0
Nord-Aurdal	729 688,0	747 719,0	726 641,0	810 984,0	1 194 080,0

Om vi ser på institusjonsplassar i kommunen, ser vi at også her er det gjort eit godt arbeid ved å kutte kostnadene per plass med heile 13%. Vi ligg godt under samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, og i Valdres er det nok ein gong bare Sør-Aurdal og Øystre-Slidre som er betre. Vestre-Slidre har ingen tal og blir dermed vanskeleg å samanlikne seg mot. For Vang sin del har vi kutta kostnadene såpass mykje at vi nå driv billigare enn vi gjorde i 2011, sjølv med 4 års løns- og prisauke.

<b>Årsgebyr for vassforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)</b>					
<b>Kommune</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Vang	3 816,0	4 014,0	4 215,0	4 418,0	4 534,0
Kostragruppe 06	3 549,0	3 918,0	3 778,0	3 991,0	4 021,0
Etnedal	4 200,0	4 200,0	4 570,0	4 750,0	5 400,0
Vestre Slidre	2 901,0	3 015,0	3 285,0	3 285,0	3 285,0
Sør-Aurdal	3 904,0	3 682,0	4 119,0	4 378,0	4 234,0
Øystre Slidre	2 680,0	2 940,0	3 260,0	3 260,0	3 120,0
Nord-Aurdal	4 445,0	4 668,0	4 668,0	4 808,0	4 976,0



Årsgebyr for avlaupstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	4 813,0	5 024,0	5 238,0	5 484,0	5 674,0
Kostragruppe 06	3 188,0	3 255,0	3 472,0	3 563,0	3 843,0
Etnedal	5 100,0	5 100,0	5 470,0	5 650,0	6 840,0
Vestre Slidre	4 171,0	4 399,0	4 879,0	4 879,0	4 879,0
Sør-Aurdal	4 986,0	4 673,0	5 260,0	5 576,0	5 374,0
Øystre Slidre	4 600,0	4 835,0	5 160,0	5 160,0	4 960,0
Nord-Aurdal	5 258,0	5 678,0	6 246,0	7 014,0	7 260,0

Inna vassforsyning og avlaup, kan vi sjå ei jamn auke dei siste 5 åra. Vi ligg godt over samanliknbare kommunar i kostragruppe 6 med høvesvis 12,8% og 47,6%. I Valdres har vi tredje høgste nivå på både vassforsyning og avlaupstenester, slått av Etnedal og Nord-Aurdal. I Valdres- samanheng ligg vi midt på treet, og det kan sjå ut som det er dyrare å få fram vatn og kloakk i Valdres enn i resten av landet.

Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	2 408,0	2 408,0	2 408,0	2 167,0	2 167,0
Kostragruppe 06	2 540,0	2 507,0	2 842,0	3 021,0	2 886,0
Etnedal	2 408,0	3 010,0	2 408,0	2 167,0	2 167,0
Vestre Slidre	2 408,0	2 408,0	2 408,0	2 167,0	2 167,0
Sør-Aurdal	2 408,0	2 408,0	2 408,0	2 167,0	2 167,0
Øystre Slidre	2 408,0	2 408,0	2 408,0	2 167,0	2 167,0
Nord-Aurdal	2 408,0	2 408,0	2 408,0	2 167,0	2 167,0

Avfalltenesta er eit samarbeidsprosjekt for heile Valdres. Kostnadane er likt fordelte. Dette medfører at vi driftar mykje billigare enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Totalt driv vi 24,9% billigare enn dei vi samanliknar oss med. Grunna dei store fonda til VKR, har kostnadene halde seg stabile både i 2014 og 2015. Dei aukar heller ikkje i 2016. Her er eit område der stordriftsfordelane kjem tydeleg fram, og viser at samarbeid er eit gode for alle partar.

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for opprettning av grunneigendom. Kalenderdagar					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	35,0	77,0	36,0	65,0	60,0
Kostragruppe 06	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Etnedal	50,0	50,0	30,0	61,0	0,0
Vestre Slidre	30,0	50,0	85,0	70,0	43,0
Sør-Aurdal	35,0	40,0	30,0	35,0	17,0
Øystre Slidre	20,0	30,0	70,0	30,0	35,0
Nord-Aurdal	245,0	280,0	300,0	200,0	31,0

Saksbehandlingstida for opprettning av grunneigendom er redusert frå 2014 til 2015, men vi ligg fortsatt litt over snittet i Valdres. Det er store svingingar i tala. Dette kan tyde på få saker med ulik kompleksitet for alle kommunar, og med det vanskeleg samanliknbare tal.



Bto. driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	115 529,0	92 706,0	97 222,0	100 389,0	100 611,0
Kostragruppe 06	83 681,0	80 416,0	92 596,0	88 266,0	89 143,0
Etnedal	67 714,0	65 000,0	87 467,0	82 400,0	74 200,0
Vestre Slidre	73 154,0	81 692,0	86 407,0	91 074,0	117 423,0
Sør-Aurdal	55 085,0	66 957,0	63 688,0	71 812,0	76 229,0
Øystre Slidre	176 720,0	149 280,0	139 385,0	113 037,0	97 630,0
Nord-Aurdal	83 750,0	80 985,0	90 824,0	88 397,0	84 145,0

Vang brukar meir pengar på veg enn dei andre Valdreskommunane og kostragruppe 6. Vang er ei stor kommune med få innbyggjarar og spreidd busetjing. Om det er dette som fører til høge utgifter er uvisst. Vang bruker derimot meir på gatelys enn elles i Valdres, dette kan forklara noko. Vang driftar ein del gatelys langs riksvegane, langs E 16 frå Søndrol til Vang sentrum og langs E 16 i Ryfoss. Me arbeider for å få vegvesenet til å overta drifta av desse.

### Lovutnytting

Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.					
Kommune	2011	2012	2013	2014	2015
Vang	100,0	74,0	72,0	88,0	89,0
Kostragruppe 06	97,0	97,0	96,0	97,0	94,0
Etnedal	67,0	100,0	83,0	100,0	0,0
Vestre Slidre	0,0	100,0	100,0	89,0	100,0
Sør-Aurdal	67,0	95,0	100,0	94,0	67,0
Øystre Slidre	100,0	97,0	60,0	0,0	87,0
Nord-Aurdal	67,0	69,0	100,0	100,0	89,0

Motorferdsel i utmark er eit politisk aktuelt tema. Vi kan her sjå at Valdres anvender lova relativt likt, og dei fleste godkjener i overkant av 80% av søknadene som kjem inn.



## INTERNKONTROLL

**Kommunelova** § 23 nr. 2, 2. setning:

*Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av muleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Det vil føre for langt å ramse opp alle reglement og rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll: Eit viktig styringsdokument kom til her ved at kommunestyret i sak K- 44 i møte 24.09.14 vedtok nytt økonomireglement.
- Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet.
- Omfattande internekontrollsysteem for helse- miljø- og sikkerheit kvalitetssikra av bedriftshelsetenesta. Systemet vart i 2013 lagt fram for Arbeidstilsynet utan merknad eller avvik.
- Internkontrollsysteem knytt til ulike særlover og føresegner.
- Rådmannen sine faste møte med etatssjefar og avdelingsleiarar for oppfølging og kontroll.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert slik dette går fram av økonomiplandokumentet 2016-19. Internkontroll er vidare jamt tema på leiarmøter.

## ETISK STANDARD

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

- Følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningsliner.
- Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement.
- Byggje opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

Rådmannen set misleg framferd på dagsorden i leiargruppa si og i fellesmøte med tillitsvalde både for å ha aktsemd på at dette kan skje også i Vang, og å gje signal via etatsleiarane og tillitsvalde om at misleg handlingar ikkje vil bli akseptert av øvste kommunaleiing.

## LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING

**Likestillingslova** § 1:

*«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.»*

**Diskriminerings- og tilgjengelova** § 1:

*«Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmde barrierer og hindre at nye skapes.»*



Gjennomførte medarbeitarundersøkingar tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan skuldast høg fokus på temaet i planlegginga ved at byggjekomitear alltid har med ein representant for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Dette er spørsmål om prioritering i høve til andre oppgåver.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret i 2005 (revidert i 2014), omtalar likeløn: *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.* Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

Innan helse, pleie og omsorg og delvis i barnehagane er det ein del ufaglærte arbeids-takrar. Arbeidsgjevar er positiv til at tilsette tek utdanning, og gir støtte og legg til rette når tilsette har behov for permisjon til studiar og praksisplass.

Auka lønsforskellar mellom typiske kvinneyrke med høgskule (t.d. sjukepleiar, vernepleiar og førskulelærar) og ingeniørar er ei ny utfordring. Denne lønsforskjellen har auka etter innføring av nytt forhandlingssystem, og er i liten grad mogleg å endra lokalt. For å rekruttere høgskulegruppene i åra framover er det behov for auka fokus på dette i dei sentrale tariffor-handlingane.

I kommunen var det om lag 400 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2015; om lag 317 kvinner (79 %) og 83 menn (21 %). Talet på vikarar varierer mykje, men samla sett har talet på tilsette gått noko ned.

I 2015 hadde kvinner eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 7,6 % og menn hadde 5,9 %.

I kommunestyret er 4 av 17 representantar (24 %) kvinner, og i formannskapet 2 av 5 representantar (40 %). Ved val til styre, råd og utval rettar kommunen seg etter gjeldande reglar i kommunelova og likestillingslova.

Aldersfordeling fast tilsette		
Alder	Personer 2015	%-fordeling 2015
opp til 25 år	7	3
25-29 år	8	3
30-34 år	28	11
35-39 år	23	9
40-44 år	28	11
45-49 år	39	15
50-54 år	38	15
55-59 år	35	14
frå 60 år	47	19



Stillingsstorlek fast tilsette		
Storleik	Personer 2015	%-fordeling 2015
<b>mindre enn 20%</b>	19	8
<b>20-49%</b>	36	14
<b>50-74%</b>	48	19
<b>75-99%</b>	73	29
<b>100 %</b>	77	30

		Gjennomsnittsløn, stillingsprosent og alder, for 2015 (K=kvinner, M=menn, T=totalt)		
Gruppe		Gjennomsnitt		
		Lønn 2015	Stillings-% 2015	Alder 2015
<b>Rådmannen med leiar-gruppe</b>	K	639 630	100	43
	M	661 470	100	57
	T	661 102	100	54
<b>Mellomleiarar</b>	K	576 136	91	50
	M	565 000	83	42
	T	573 352	89	48
<b>Høgskuleutdanna</b>	K	475 021	74	47
	M	511 416	89	48
	T	486 220	79	48
<b>Pedagogisk Personale</b>	K	495 543	84	47
	M	476 200	58	52
	T	492 964	81	48
<b>Fagarbeidrarar oa. på fagarbeidarnivå</b>	K	386 188	68	48
	M	385 983	60	49
	T	386 160	67	48
<b>Ufaglærte</b>	K	364 117	57	49
	M	350 681	45	44
	T	360 279	53	48

Gjennomsnittsløn og stillingsprosent i heile organisasjonen		
Kjønn	Gj.snitt årløn	Gj.snitt stillings%
<b>Kvinner</b>	427 762	73
<b>Menn</b>	449 937	70
<b>SUM</b>	432 583	72



## STYRE, RÅD OG UTVAL

			2014	2015
<b>KOMMUNESTYRET</b>				
Ordførar Vidar Eltun (Ap)	Møte	8	9	
Varaordførar Aud Irene Hamre Rogn (Ap)	Saker	69	114	
<b>FORMANNSKAPET</b>				
	Møte	9	11	
	Saker	43	40	
<b>ADMINISTRASJONSUTVALET</b>				
	Møte	2	2	
	Saker	5	6	
<b>ARBEIDSMILJØUTVALET</b>				
	Møte	3	2	
	Saker	8	3	
<b>HOVUDUTVAL FOR LEVEKÅR</b>				
Leiar Ove Martin Stende (Ap)	Møte	5	4	
	Saker	27	15	
<b>HOVUDUTVAL FOR UTVIKLING</b>				
Leiar Grete Aasheim (Ap)	Møte	6	5	
	Saker	74	68	
<b>KONTROLLUTVALET</b>				
Leiar Aud Kvale (H)	Møte	3	4	
	Saker	13	11	
<b>ELDRERÅDET</b>				
Leiar Magnor Wigdel	Møte	5	5	
	Saker	17	17	
<b>RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVN</b>				
Leiar Arne Straum	Møte	7	6	
	Saker	15	17	



## RÅDMANNSKONTORET

Administrativ leiar: Rådmann Reidar Thune

### Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

### Hovudarbeidsområde

Administrasjon, planlegging, personal, næringsutvikling, fellesatenester, kyrkjeleg fellesråd og interkommunale samarbeid: NAV, barnevern, IKT, skatteinnkrevjing og revisjon.

Talet på tilsette (utanom interkommunale samarbeid og kyrkje) var 16 personar i 2015. Dette utgjorde om lag 12 årsverk mot 12,8 i 2014. Reduksjonen skuldast delvis ledig stilling, og at stillinga som næringsmedarbeidar gjekk ut frå 01.07.2014.

### Økonomi


Ansvar 100-108		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	30 171 000	31 238 000	-1 067 000	-3,4
	Inntekter	-3 026 000	-2 323 000	-703 000	30,3
	Netto driftsutgifter	27 215 000	28 915 000	-1 700 000	-5,9
Investeringsdel	Utgifter	1 823 000			
	Inntekter	- 0			
	Netto investeringsutgifter	1 823 000			

Avvika på driftsutgiftene kan i hovudsak knytast til at lønsutgiftene vart 943 000 kr (11,3 %) lægre samtidig som overføringsutgiftene vart redusert med 847 000 kr (12,8%). I dette beløpet ligg det også tapsføringar på kr 611 000 kr på uteståande fordringar som har blitt forelda, dette teller negativt inn. Vidare er kjøp av varer og tenester 794 000 kr (4,9%) høgre enn budsjettet. Dette er hovudsaklig knytt til IKS samarbeid.

Avvika på inntekta kommer av høgre refusjonsinntekter på 386 000 kr (73%) og høgre overføringsinntekter på kr 256 000 kr (16%)

### Brutto driftsutgifter 2015

#### Ansvar 100 - 108



■ Løn og sosiale utgifter

■ Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon

■ Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon

■ Overføringsutgifter

## Informasjon

Vang kommune si heimeside: [www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no) som også har link frå **heimesida** [www.vangivaldres.no](http://www.vangivaldres.no)

- Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio
- Informasjon i Menighetsbladet
- Informasjon og tilbod om oppfølging til innflyttarar  
Samarbeid med regionkontoret, folkeregisteret og Innovasjon SA
- Årsmeldingar frå og med 2013 blir lagt ut på kommunen si heimeside.  
Dei som spør om det kan få meldinga i papirversjon.

## Næringsutvikling

Kommunestyret vedtok i sak K- 63 i møte 18.desember 2014 ny tilskotsordning, «næringsstipend» til fyrste gongs unge etablerarar i Vang. Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. Nærare om ordninga ligg på kommunen si heimeside. Det vart utbetalt eit stipend i 2015(10.000kr)

For 2015 var det løyvd 1,64 mill. kr i tilskotsmidlar, med følgjande øyremarking:

Innovasjon SA:

tilskot til innovsjonsminister og næringsutviklar	1 120 000	kr
Vang-Tyn-Filefjell Reiseliv/Valdres Destinasjon	350 000	"
Tilskot til løypekøyring	174 000	"

Det vart vidare i 2015 ikkje løyving til ordninga «Retningslinene for stønad til næringsutvikling».

Kommunen betalte derimot 1,5 mill. som anleggsbidrag til skiundergang på E- 16 i Tyinkrysset.

Pr. 01.01.2015 utgjorde løyvde, ikkje utbetalte tilskot til næringsutvikling kr 785 000. Alle desse tilsagna er no utbetalte eller trekt inn og restsum tilbakeført til næringsfondet.

## Moment i næringsarbeidet

Personleg kontakt med folk som vender seg til kommunen og rask saksbehandling.  
God dialog og samhandling med lokal bank.

Samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark,  
Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Visit Valdres.

Samarbeid og kontakt med Innovasjon SA, og deltaking på deira arrangement:  
Dette er særskilt viktig av di mesteparten av løyvinga til næringsføremål frå 2012 - 2015 er omdisponert nettopp til Innovasjon SA. I tråd med føresetnadene ved siste behandling av søknaden deira om tilskot skal selskapet fungere som rådgjevar for kommunen i næringssaker.

Innovasjon SA rapporterer særskilt kvart halvår til kommunestyret.

## Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

I tariffsamanheng var mellomoppgjer i 2015. Årslønsvekst frå 2014 – 2015 i kap. 4 var rekna til 3,3%, som var høgare enn berekna ramme i frontfaget. Generelle tillegg og nye minstelønssatsar tok til å gjelde frå 1. mai. Det var ikkje lokale forhandlingar for tilsette i kap. 4 i 2015. Noko av lønsveksten er lagt inn med verknad frå 01.05.2015, og nytt lønssystem vart innført få same dato.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap. 3 og 5 blir gjennomført årleg og har verknad frå 1. mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartner m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år. I 2015 – vidareført frå 2014 - har vi hatt særleg fokus på omstillingss-prosessar og psykososialt arbeid i samband med dette. Vi har brukt 98 timer i 2015.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnerar. Avtalen om Inkluderande Arbeidsliv (IA) gjeld til 31.12.2016. Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværsarbeidet. Å følgje opp rutinane for sjukefråvere og inkluderande arbeidsliv, aktiv seniorpolitikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

I 2015 var sjukefråværet 7,3%, som er ein auke med om lag 1% frå året før. Samanlikna med målsettinga om at 94 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid, bør sjukefråværsarbeid ha ein ekstra fokus. Ved behov for tilrettelegging i ein gitt periode er det ei stor utfordring å finne alternativt arbeid eller byte av arbeidsplass i ein liten kommune som Vang. Det er viktig at andre tilsette har ei positiv haldning til å ta ei ekstra belastning når tilsette har behov for tilrettelagt arbeid.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei fleste verneområda. Vi har take i bruk «Kvalitetslosen» som er eit system for avviks-behandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningsliner.

Vang kommune er rimeleg godt dekka med fagstillingar, og for tida har vi ikkje ledige stillingar på høgskulenivå.

Seks tilsette var bedne inn til ei markering av di dei hadde arbeidd 25 år i kommunen, fem av desse møtte.

## Eldrerådet

Vang eldreråd har hatt 7 medlem, 5 pensjonistar og 2 politikarar: Magnor Wigdel (leiar), Inger Solveig Bøe (nestleiar), Randi Eltun, Andris Berge, Magnus Eidsvoll, Ove Martin Stende, og Elin Rømyhr Haugen.

Kommunestyret hadde val av nytt eldreråd den 5.11.2015. Dei nye medlemmane er; Magnor Wigdel, Inger Solveig Bøe, Boye Thorpe, Marie Borlaug, Aud Synnøve Kvale, Ove Martin Stende og Anne Lajord Belsheim.

Det nye eldrerådet konstituerte seg på møte den 24.11.2015, der Magnor Wigdel vart vald som leiar, og Inger Solveig Bøe som nestleiar.

Rådet har hatt 6 møter og behandla 17 saker.

Rådet har uttala seg i følgjande saker:

- Kommunedelplan for idrett og friluftsliv
- Retningsliner for tilskot til ekstrautgifter ved behov for assistanse på ferie- og fritidsreiser
- Organisering / samanslåing av Nav-kontora i Valdres
- Årsmelding og årsrekneskap 2014 for Vang kommune
- Folkehelseplan
- Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-19

### Aktivitetar:

- Randi Eltun har vore elderådet sin representant i ei arbeidsgruppe som sett opp forslag om disponering av midlar frå den Kulturelle Spaserstokken. Midlane vert administrert av biblioteksjefen.
- Leiar Magnor Wigdel har vore med på 2 møter på Vangsheimen vedr. brukarmedverknad.

### Rådet var dette året representerte i:

- Vårkonferansen i regi av Oppland fylkes eldreråd, 7. og 8. mai, som i år var lagt til Fagernes p.g.a. det nye VLMS-senteret
- Ellers var det i oktober arrangert gratis kurs på Fagernes: Bilfører 65 + for heile Valdres der kommunane delte på annonseutgiftane, men Nord-Aurdal stod for arrangementet.

### Arrangementer i regi av Vang eldreråd dette året:

- Felles regionalt eldrerådsmøte på Drengestøga 23.04.2015
- Arrangement i samarbeid med pensjonistlaget på Torpe Grendahus 13.10.15 i høve eldredagen.

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Arne Straum har vore leiar og Bjørg Olimb nestleiar fram til kommunestyrevalet hausten 2015.

Etter valet vart Derk Stegwee vald som leiar og Rita Berge som nestleiar.

Rådet har hatt 6 ordinære møte og behandla 17 saker:

Desse sakene er bl.a.:

- Årsmelding og rekneskap for Vang kommune
- Gjeve uttale til reguleringsplanar.
- Årsbudsjett og økonomiplan for Vang kommune.
- Behandla Folkehelseplan 2015 – 2018.
- Innspel til retningsliner for tilskot til ekstrautgifter ved behov for assistanse på ferie- og fritidsreiser.
- Innspel til regional planstrategi.

Rådet har vore representert på møter på regionalt nivå.

Randi Bang Søndrol har vore rådet sin representant i byggekomiteen for Fredheim barnehage.

Bjørg Olimb har vore rådet sin representant i plan- og byggekomiteen for utbygging på VBU.

## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvala i Valdres samarbeider tett og med revisjonen for å prioritere tilegjenlege kontroll- og tilsynsressursar gjennom Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal. Gjennom felles kontrollutvalsmøte vurderer utvala kontroll- og tilsynsbehovet ut frå risiko og kva som er vesentleg for Valdreskommunane samla.

Eiga årsmelding for kontrollutvalet blir lagt fram for kommunestyret som referatsak kvart år.

## Barnevern

Barneverntenesta er organisert som interkommunalt samarbeid mellom Vang og Vestre Slidre, med Vestre Slidre som vertskommune. Tenesta har fire heile fagstillingar. I tillegg er det ei 50 % stilling som pr i dag blir dekt av statlege midlar. Tenesta har også ei 40 % merkantil stilling til hjelp med arkiv og kontoroppgåver

Barneverntenesta skal sikre at barn og familiær som lever under vanskelege tilhøve skal få naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal først og fremst bidra til at foreldre klarer å ta vare på barnet sitt gjennom hjelpe tiltak i heimen. Det er barn mellom 0 og 18 år som lov om barneverntjenester i utgangspunktet gjeld for, men dersom det har vore tiltak i gang før barnet/ungdommen fyller 18 år, kan tiltak fortsett til fylte 23 år.

Barnevern er samansett, ein kjem tett på mange familiær med ulike utfordringar, og dette krev engasjement og høg kompetanse hjå saksbehandlarane.

I 2015 har alle stillingar vore bemanna med godt kvalifisert personell. Det har vore to svangerskapspermisjonar og ein utdanningspermisjon i samband med master i barnevern, vi

har vore så heldige og hatt vikar med riktig kompetanse under desse permisjonane. I samband med innføring av TIBIR i alle Valdreskommunane har ca 40% stilling gått med til utdanning av ein PMTO-terapeut i hausthalvåret, dette har ikkje vore dekt opp med vikar.

I 2015 har det og vore ein del ekstra jobb med å tilegne seg kompetanse innanfor arbeidet med busetjing av flyktingar.

For Vang vart det motteke meldingar på 12 barn i 2015. Ingen av desse meldingane vart henlagt. Alle meldingane vart og behandla innan fristen på 3 månader. Av dei 12 undersøkingane vart 4 henlagt, medan dei resterande førte til hjelpetiltak. Det er verdt å merke seg at vi får inn ein del meldingar, som ikkje blir telt med i denne statistikken. Det er meldingar som kjem inn der vi ei i gang med undersøking og meldingar i allereie aktive saker, der vi vurderer at opplysningane ikkje er av ein slik art at det er nødvendig med ei ny undersøking. Sjølv om desse meldingane ikkje blir registrerte som meldingar i høve til statistikken er dei viktige som informasjon i det vidare arbeidet i saka.

Pr. 31.12.2015 er det i Vang kommune 12 barn som mottar hjelpetiltak frå barneverntenesta. Omfanget og type hjelpetiltak varierer mykje. Nokre av barna mottar fleire typar hjelpetiltak samstundes.

Eit barn er under omsorg av kommunen, v/barneverntenesta og bur i fosterheim.

Det er utarbeidd tiltaksplan for alle barn med tiltak. Barneverntenesta samarbeider mykje med andre instansar.

## Kyrkje

### Målsetjingar

- Best mogleg kyrkjeleg tilbod til kommunen sine innbyggjarar.
- Skape trivsel og tryggleik for tilsette.
- Aktiv medspelar i det lokale kulturlivet til glede for bygdefolk og tilreisande.
- Kyrkjene i Vang skal medverke til eit godt oppvekstmiljø for born og unge.
- Legge til rette for besökande og brukarar av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halde kyrkjer og kyrkjegardar godt i hevd og i god stand.
- Gjere kyrkjer og kyrkjeleg aktivitet kjend for turistar og hyttefolket.
- Auke informasjon og synleggjering.

### Vang prestegjeld og Kyrkjeleg fellesråd

- I kyrkjene vart det halde 60 gudstenester med i alt 3219 deltakarar, 14 døypte, 9 konfirmerte, 10 par vigde, 19 gravlagt, og 7 konsertar med 654 tilhøyrarar.
- Kyrkjeleg fellesråd har hatt 4 møter og behandla 11 saker.
- Rekneskapen for 2015 viser til eit netto driftsoverskot på kr 231 149,-. Dette gjer det moglig å dekke inn underskotet i 2014 som var på kr 162 045,- samtidig som vi overfører kr 48 719 til bundne fond som gjeld gravlegat og Vang menighetsblad. Vi sit dermed att med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 20 385 kroner for 2015.
- Kyrkja skal sjølv sørge for trusopplæringa for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Valdres



prosti får ei fast tildeling av midlar til trusopplæring over statsbudsjettet. Vang har no 20 % stilling for trusopplærar og mange gode aktivitetar er godt i gang. Soknepresten og trusopplærarane har, i samarbeid med sokneråda, ei heilt nødvendig oppgåve i organiseringa av trusopplæringstiltaka.

- Det er etablert ein god kommunikasjon mellom fellesrådet og kommunen når det gjeld økonomiarbeidet.
- Øye stavkyrkje og Høre stavkyrkje har vore opne med omvisar og St.Tomaskyrkja har vore open utan omvising. Besøkstalet har halde seg ganske jamt i Høre, men i Øye auka det med 25 %. Visit Valdres står for administrasjonen av omvisinga, og sokneråda følgjer opp det praktiske. Eit regionalt stavkyrkjeforum ser på fellestiltak som omvising og kursing. I tillegg er det oppretta eit Stavkyrkjeeigarforum for heile landet som har fokus på merkevarebygging og å auke verdiskapinga gjennom samarbeid med alle stavkyrkjeeigarar.
- Onsdagskafeen i Drengestøga held fram, og er ein god sosial møtestad.
- Det var soknerådsval, og mange nye kom inn i dei fire sokneråda, og i Kyrkjeleg fellesråd. Men fleire tok attval, så det er god kontinuitet i arbeidet.

### Vedlikehald og utbetringar

- Vedlikehaldslista blir teke opp ein gong i året, og tiltak blir meldt til teknisk etat. På dei årlege dugnadene på kyrkjegardane vert det gjort mykje godt praktisk arbeid. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen er godt, og utekarane i teknisk etat og kyrkjegardsarbeidaren samarbeider om mykje dagleg vedlikehald.
- Eit tørre sikringsarbeid var gjort i Vang kyrkje, etter at deler av himlinga hadde losna frå takbjelkane. Dette skal reparerast på varig basis i 2016.
- Høre stavkyrkje har fått nytt flomlys, og Riksantikvaren har oppjustert brannalarm- og lynvernanlegget. Heensåsen har fått reparert klokkeopphengen, og ny løpar vart kjøpt inn. Både flomlyset i Høre og kyrkjeløparen på Heensåsen er dekka av overskotet i 2014. Porten til Vang bårehus vart gjort breiare, for lettare å kome inn med bårebil og lastebil.
- Reguleringsplanen Øyebakkin er framleis ikkje ferdig, men ein kom noko lengre i 2014. Kommunen har vedteke å prioritere tiltaka som er viktige for ordinær kyrkjedrift; ny veg, parkeringsplass og utviding av kyrkjegarden. I 2015 har ikkje noko skjedd i saka, og ein ser med bekymring på at det ikkje er framdrift. Nytt brannslokksanlegg i stavkyrkja er svært påkreva, og vi kjem ikkje vidare før reguleringsplanen er godkjent. Det har vore god dialog mellom kommunen og Riksantikvaren når det gjeld vassforsyning/brannsikring og plassering av teknisk rom/servicebygg, og det neste som må skje er at reguleringsplanen skal ut på ny høyring.
- Pakeringstilhøva ved St.Tomaskyrkja har aldri vore avklara med stølsnaboar. Kommunen har teke tak i saka, og planen er å lage ein plass nede ved vegen på vestsida av innkøyringa.
- “Kyrkja i Vang”, - facebook-sida for kyrkja er mykje i aktiv bruk. Det er dagleg leiar og soknepresten som administrerer den. Aktuelle saker og bilete frå diverse aktivitetar vert lagt ut der.

### Planar og utfordringar framover

- Kommunemodernisering: Følgje opp kommunestyret sitt vedtak om at Vang skal halde fram som eigen kommune. Forhalde seg aktivt til utfordringar som måtte kome ift. nabokommunar som slær seg saman , og fram til Stortinget juni 2017 behandlar endeleg kommunestruktur i Noreg.
- Gjennomføre ny organisasjonsplan for helse- og omsorgsetaten, vedteke i sak Adm-3/16.

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016

- Vedtak ny planstrategi for inneverande kommunestyreperiode i 2016.
- Vedtak på rullert areal del av kommuneplanen for Tyinkrysset om mogleg ila. 2016.
- Få på plass tilstrekkeleg kapasitet på reinseanlegg og vassforsyning i Tyinkrysset.
- Tilrettelegge for eller at Vang kommune sjølv bygger nye bueiningar.
- Bidra til realisering av unike private bustadfelt.
- Behalde eller auke tilskotssummen på 1 mill. årleg til næringsutvikling.
- Halde fram arbeidet med effektivisering av den kommunale drifta/ utgiftsreduksjonar.
- Ståande vurdering og forvalting av kommunen sine kraftrettar.
- Internkontroll; ytterlegare bruk av det elektronisk systemet, Kvalitetslosen. (Rapportering på avvik og risikovurdering.)
- Utvikle dei gode kyrklelege tiltaka for barn og unge, og innarbeide trusopplæringsplanen med kyrklelege tiltak for alle årskull.
- Få godkjent reguleringsplanen på Øyebakkin, og arbeide for at planen blir sett ut i livet.
- Arbeide for at Visit Valdres kan halde både stavkyrkjene opne.
- Samarbeide med andre stavkyrkjeeigarar og Valdres natur- og kulturpark om omvising og andre fellestiltak.
- Gjere både kyrkjer og kyrklelege aktivitetar meir kjent for turistar, - både dei på gjennomreise og hyttefolket. Gi god informasjon på nettet.
- Finne ein god måte å ta vare på gamle og verneverdigaste gravsteinar, og gjere dei synlege.
- Gjere inngangen til Øye kyrkje universelt utforma.

Gjennomføre godt vedlikehald, m.a. reparere himlinga i Vang kyrkje og måle Heensåsen kyrkje utvendig.



## SKULE OG KULTUR

Etatsleiar: Skule- og kultursjef Jon Eggen

### Målsetjingar

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplev personleg og fagleg utvikling.
- Innafor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innafor tildelte budsjettrammer.

### Hovudarbeidsområde


Grunnkule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvernarbeid, motorferdsel i utmark og drift av introduksjonssenteret for Vang med flyktningeteneste og vaksenopplæring.

Talet på tilsette i 2015 var 121 + 8 ungdommar i sommarhalvåret.

Dette utgjorde ca. 73 årsverk.

### Økonomi

	Ansvar 200-290	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Driftsdel	Utgifter	60 255 000	59 232 000	1 022 000	1,7
	Inntekter	-20 657 000	-14 620 000	-6 037 000	-41,3
	Netto driftsutgifter	39 598 000	44 612 000	-5 014 000	-11,2
Investeringsutgifter		87 286 000			



Det gode økonomiske resultatet for etaten i 2015 kjem i hovudsak av meirinntekter knytt til det store elevtalet ved introduksjonssenteret og til busetting av flyktninger.

Resterande ca. 1,3 mill fordeler seg i hovudsak mellom refusjon av sjukeløn og statleg tilskot til lærarar som tek vidareutdanning.

På utgiftssida kjem overskridinga i hovudsak frå meirforbruk av varer og tenester på 40%, eller 2,9 millionar kroner, der kjøp av inventar, IT-utstyr og bøker utgjorde 1,1 millionar kroner og skoleskyss sto for 958 000,- kr. Mykje av utgiftsaukinga ble dekka inn ved eit mindreforbruk av lønsmidlar på 2,6 millionar kroner og om ein tar med refusjonar av sjukeløn så blir personellkostnadane heile 3,4 millionar kroner betre enn budsjett. Resten kan forklarast med at auka vareforbruk også aukar momsutgifta samt at det ble gitt meir i tilskot enn budsjettet. Det er ingen store endringar på samansettinga av driftsutgiftene i 2015 frå 2014, personalkostnadane er blitt noko mindre og varer og tenester har gått tilsvarende opp.

## Skule- og kulturkontoret

På skule- og kulturkontoret er det etatssjef, konsulent, barnehagestyrar og kulturskulerektor.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektorar, inspektør og biblioteksjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for introduksjonssenteret. Dei tillitsvalde deltek også på nokon av desse møta.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Innafor denne etaten sitt ansvarsområde er det etablert regionale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage bibliotek og kulturskule. Samarbeidet i desse foruma har vore tidkrevjande i 2015 og utbyttet har ikkje stått i forhold til tidsbruken.

*I det følgjande blir det presentert eit redigert utdrag av kvar enkelt eining si årsmelding.  
Dei fullstendige årsmeldingane er tilgjengeleg på skule- og kulturkontoret.*

## Barnehagane

Vang har full barnehagedekning. Barnetalet gjekk ned frå 73 vårhavåret 2015 til 68 hausthalvåret 2015. Av dei 68 barna følgde 16 skuleåret. Barnetalet fordeler seg med 13 barn i Øye barnehage, 30 i Fredheim barnehage og 25 barn i Ryfoss barnehage. Vang er av dei kommunane i Oppland som ligg høgst når det gjeld andel av eitt- og toåringar i barnehage (oppunder 90 %). Hausthalvåret 2015 var det 18 minoritetspråklege barn i barnehagane.

I 2015 har barnehagane i Vang laga ein felles visjon: «*Vi løftar barna fram*» Den handlar om at alle vaksne i barnehagen skal sjå kvart barn, høyre kvart barn, la kvart barn få utvikle seg sjølv, men med støtte og hjelp av engasjerte og motiverande vaksne. Dei vaksne skal være der, hjelpe til og løfte kvart enkelt barn fram til å bli mest mogleg sjølvstendig.

5. oktober 2015 vart Fredheim barnehage nyopna. Det er lagt ned eit bra arbeid med å bygge ein barnehage som er godt tilrettelagt for barn og personale i lyse, luftige og praktiske lokaler. Perioden med flytting og organisering av drifta i den nye barnehagen har vore utfordrande, men personalet har vist stor vilje og evne til og ta i eit ekstra tak og skal ha ein stor takk for det!

Åsvang barnehage vart med til Fredheim. Det vart att for få barn til å halde drifta i gang. Ved opptak til neste barnehageår vil ein vurdere om det er nok søknadar til å opne opp att Åsvang barnehage.



Øye barnehage arrangerte i 2015 Øyefestivalen, eit arrangement som vart svært godt motteke og ei stor oppleving for både barnehagebarna og publikum! I Øye barnehage er det behov for ei oppgradering av uteområdet m.a. er det ønske om ein lavvo i tre og støydempande tiltak, (i periodar er Eltunfossen ein vakker men plagsomt støyande nabo).

For Ryfoss barnehage er det store spørsmålet om den skal oppgraderast eller flyttast til nye lokale på Høre skule. I samsvar med tidlegare vedtak i kommunestyret blir no flytting utgreidd og lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjer. Både foreldre og personale er positive til ei eventuell flytting.

Årsplan forma som kalender vart laga også i 2015, noko som foreldre og andre set pris på.

Medarbeidarsamtaler, foreldresamtaler og observasjonar syner at både barn og vaksne trivst og utviklar seg i alle barnehagar.

Dei siste åra har det vore mangel på utdanna pedagogar, men dette har betra seg. Barnehageåret 2015/2016 er 80 % stilling dekt av fagarbeidarar på dispensasjon som barnehagelærar mot 166 % stilling på same ordning førre barnehageår.

## Skulen

Talet på elevar i grunnskulen har dei siste åra gått jamt nedover. I 1999 var det 228 elevar i grunnskulen i Vang, inneverande skuleår er talet 168. Dette gjev ein reduksjon på 60 elevar dei siste 16 åra. Denne nedgangen gjev i følgje KS sine berekningar ein årleg reduksjon i statlege overføringar til Vang kommune på min. 4,5 mill. kr. Utifrå fødselstala dei siste åra vil elevtalet gå ned til ca. 155 i 2021.

## Samling av grunnskuleelevane

Skuleåret 2014-2015 hadde alle mellomtrinnselevane tilhald på Høre skule i samband med utbygginga av VBU, og alle småskuleelevane hadde tilhald i Øye skule. Det knytte seg stor usikkerheit til om VBU ville stå klart til å ta i mot alle elevane frå august 2015 slik planen var. Trass i nokre forseinkingar, og eit uteareal som ikkje var heilt klart gjekk det likevel. Skulen vart fulldekt, dei fleste klasserom var ombygd eller rehabilert. Dei ombygde areala vart romslege og innbydande. Byggetrinn 2 starta for fullt frå skulestart 2015. Det betyr at skulen framleis er utan undervisningslokale for kunst & handverk og kroppsøving. Ein har brukt Høre skule, gamle Kattevold skulehus, og uteareala som mellombels løysing. Lærarar og elevar gler seg stort til at også desse areala er klare hausten 2016.

## Nasjonale prøver

5. klasse: engelsk 46 poeng, lesing 46 poeng og rekning 43 poeng. Nasjonalt snitt er alltid 50. Dette betyr at ein særleg i rekning ligg noko under landsgjennomsnittet men det er likevel ein liten framgang på alle tre prøvene samanlikna med 2014.

8. klasse: engelsk 51 poeng mot 49 i 2014, lesing 50 mot 49 i 2014 og rekning 48 mot 47 i 2014. Dette betyr at vi ligg om lag på landssnittet, og faktisk litt over i lesing.

9. klasse: lesing 52 poeng mot 54 i 2014, rekning 49 poeng likt som i 2014. 9. klassekullet har i lesing utvikla seg likt med nasjonen sidan 8. kl, mens dei i rekning har hatt 2 skalapoeng därlegare utvikling enn landsgjennomsnittet.

Ein skal merke seg at endringar i små kull gjev større utslag enn i store kull, og kulla i Vang er små.



## Grunnskulepoeng

Avgangskullet i 2015 hadde i snitt 42,2 poeng, mot 40,8 for nasjonen. Dette er eit svært godt resultat. Resultatet føyer seg inn i eit mønster i Vang der ein over fleire år har sett at kulla spesielt gjennom dei tre åra i ungdomsskulen hevar seg fagleg og går ut av 10. klasse med resultat over det nasjonale snittet.

## Spesialundervisning

Andelen elevar med vedtak om spesialundervisning har frå skuleåret 2011/2012 til skuleåret 2015/2016 gått ned frå 14,9 % til 4,3 %. Landsgjennomsnittet ligg på ca. 8 %. Dette er ei svært positiv utvikling då ressursane kan nyttast langt meir fleksibelt enn tidlegare. Frigjorte ressursar blir m.a. brukt til å gje elevar med behov for støtte i læringa ei best mogleg tilpassa undervisning. Nedbemanning utover det som alt er gjennomført vil gjere det vanskeleg å sikre fulldeling og elles ei god fagleg utvikling i grunnskulen i Vang. Tilveksten av flyktingar gjer at vi bør auke pedagogressursen som arbeider med norskopplæring for dei minoritetsspråklege elevane.

## Kompetanseutvikling

Det er høgt utdanningsnivå på lærarane i grunnskulen i Vang. Inneverande skuleår har vi ingen lærar på dispensasjon for kravet til godkjent pedagogisk utdanning. Tilsette har m.a. delteke på følgjande etterutdanning i 2015: Skulebasert kompetanseheving i klasseleiring, kurs for opplæring av minoritetsspråklege elevar, vidareutdanning i norsk og vidareutdanning i matematikk.

## Internkontroll og kvalitetssikring

Det er starta eit skulebasert utviklingsprosjekt i «lesing i alle fag» I samband med skifte av læringsplattform og skuleadministrativt system blir det gjeve opplæring i Office 365, og nye IKT-løysingar frå IST m.m Kartlegging av psykososialt miljø for dei tilsette viser gode resultat. Likevel ser vi at vi foreløpig berre er i startfasen i høve til å få ein felles identitet for den nye skulen.

## Planar framover

Det viktigaste framover blir å arbeide for eit best mogeleg samarbeid i personalet og styrke læringsmiljøet i klassene. Målet er stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheter hjå elevane og at dei trivst og opplev eit godt miljø på skulen. For å få til dette trengst god kunnskap om kvar einskild elev sitt utviklingspotensiale, god oppfølging av eleven si opplæring og utvikling og eit godt samarbeid mellom heim og skule.

## Skulefritidsordning

VBU har skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. årssteg. Ca. 15 barn nyttar dette tilbodet.

## Logoped

Logopedenesta er organisert gjennom PPT Valdres, med unntak av 20 % stilling som er helde att til bruk i Vang. Skuleåret 2015/2016 får 11 barn i Vang regelmessig logopedhjelp mot 22 førre skuleår. I tillegg kjem eit «lavterskelttilbod» med observasjon og testing av barn i samarbeid med personalet i barnehage og skule. Logopeden bruker elles mykje tid til å rettleie personalet slik at dei kan følgje opp og gjennomføre treningsopplegg med barn som har behov for hjelp.

## Kulturskulen

Kulturskulen hadde 67 elevar i haustsemesteret 2015 Tilsvarande tal for haustsemesteret 2014 var 84 elevar.

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016



Dei mest populære disiplinane dette skuleåret er kor med 18 elevar, gitar med 11, showdans med 11, slagverk 9 piano med 7 og hardingfele med 6 elevar. Det er høgt nivå på elevprestasjonane, og elevar frå Vang har dei siste åra gjort ein god innsats m.a. på ungdommens kulturmönstring (UKM). Elevar frå kulturskulen har hatt innslag på 18 arrangement i 2015.

## Introduksjonssenteret

Introduksjonssenteret har ansvaret for vaksenopplæring innan norsk og samfunnsfag, i hovudsak for asylsøkarar på Vang mottakssenter. Det er rekordhøge elevtal, og status i mars 2016 er at ca. 90 av bebruarane på mottaket ventar på behandling av søknad om opphold og har rett på 175 timer asylnorsk. Ca. 60 av beuarane har fått opphold og har rett på 600 timer norsk og samfunnsfag.

Den andre store oppgåva for Introduksjonssenteret er å tilrettelegge for busetting og gjennomføre introduksjonsprogrammet for busette flyktningar. Vang kommune har vedtak om busetting av 15 flyktningar i perioden 2014-2018 + vedtak frå 2014 om å auke denne ramma med 2 einslege og ei familie. Dette vil til saman gje busetting av ca. 22 flyktningar. I mars 2016 er 15 av desse busett og 9 av dei følgjer introduksjonsprogrammet.

Introduksjonssenteret har også tilbod om norskurs for arbeidsinnvandrarar.

I 2015 vart saka om etablering av eit bufellesskap for einslege mindreårig flyktningar utgreidd, og kommunestyret gjorde vedtak om oppstart av eit slikt bufellesskap i mai i 2016.

I august starta Erik Martinsen Dalåker opp som leiar for Introduksjonssenteret. Bemanninga er elles ei 100 % stilling som flyktningkonsulent og i overkant av 250 % stilling for lærarar.

Introduksjonssenteret saman med Frivilligsentralen, Innovangsjon og NAV starta i 2014 prosjektet Integrerande arbeidsliv, prosjektperioden er no over og det kjem sluttrapport i løpet av 2016.

**Spesialundervisning for vaksne** har også tilhald på Lund. Omfanget av undervisninga er omrent som før og inneholder øving, innlæring og vedlikehald av aktivitetar og ferdigheter. Undervisninga skjer både i lokala på Lund, på VBU, utandørs i ulike miljø og i bustadane til elevane.

## Idrett og friluftsliv

Også i 2015 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 turar på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka for Vang som også finst i digitalisert utgåve. Elles er det i 2015 lagt ned mykje arbeid i Kongevegprosjektet. Som tidlegare år er det gjeve tilskot til idrettslag, til slått og stell på Tveit stadion, til deltaking på Norway Cup og til idrettsstipend for ungdom.

## Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv.

I 2015 vart det behandla 11søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark, 4 gjaldt scootertransport, 4 helikoptertransport og 2 båttransport med stor motor.

## Ungdomsarbeid

I 2015 har vi m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, Jotnerock, ungdommens kulturmönstring, idrettsstipend til ungdom, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div. mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som vi kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp.

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016



## Kino

Det har vore mange fine kinoopplevelingar i auditoriet med Bygdekinoen, og tilbodet har vore godt besøkt i 2015. Den lokale dugnadsgrupa skal ha ros for at dei har fått i gang att eit kinotilbod i Vang!

## Kulturvern

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksomuseum. Her er det undervisningsopplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

## Arrangement og økonomisk støtte

Skule- og kulturetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: Jotnerock, Ungdomens kulturmønstring, klubbkveldar, utstillingar, konserter og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg godt over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte til lokale lag, tiltak og arrangement, og vi har halde dette nivået også i 2015.

## Bibliotek

Vang folkebibliotek har hatt eit aktivt og godt besøkt år i 2015, med ei auke i besøkstala frå 19 000 til 25 000. Målet er at biblioteket skal vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda – biblioteket har formidla mange ulike kulturelle uttrykk; utstillingar, teater, musikk, og film.

Vi har vore ein uavhengig møteplass for offentleg samtale og debatt med t.d. valdebatt før kommunevalet.

Den viktigaste arbeidet i 2015 har vore litteraturformidling, som er hovudoppgåva vår. Utlånet av skjønnlitteratur for barn og vaksne har gått opp 24 %. Andre media har halde seg stabilt unntake filmutlånet som har gått noko ned

Barne- og ungdomsbibliotekaren har skipa til ulike arrangement for alle årssteg, med hovudvekt på litteratur. Aktiv litteraturformidling fremjar leselyst og lesedugleik

Biblioteket har førebudd overtaking av skulebiblioteket på VBU med innreiing av lokale og ordning og katalogisering av samlinga. Målet er å bli ferdige våren 2016.

Satsinga på å utvikle samlinga NY I NORGE med støtte av fylkesbiblioteket har gjort at vi har forbetra tilbodet til asylsøkarar og busette flyktningar når det gjeld norskopplæring og andre bøker/media tilpassa denne gruppa.

Biblioteket starta i haust eit prøveprosjekt med utvida opningstid (ubemannna bibliotek) frå 19.00-22.00 på tysdagar. Prøveprosjektet går fram til sommaren 2016

Samlokaliseringssprosjektet «FriBib» – Frivilligsentral og bibliotek, held fram i 2016.



## Frivilligsentralen

Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangtunet.

Kontaktinfo: frivilligsentralen@vang.kommune.no Tlf. 61 36 94 25/46 81 64 73

[www.vang.frivilligsentral.no](http://www.vang.frivilligsentral.no) [www.facebook.com/vangfrivilligsentral](http://www.facebook.com/vangfrivilligsentral)

**Styret:** Carl Philip Weisser (styreleiar), Elisabeth Sparstad (nestleiar), Erik Martinsen, Margrete Fagerheim/Leif Hjalmar Søndrol, Hallgrim Rogn, Fulan Yang (vara), Ragni Almenning Havro (vara) og Ole Jørgen Tveit (vara).

Hovedutval for levekår er årsmøte og øvste organ for sentralen.

**Frivillige:** 110 registrerte. Jamt fordelt menn og kvinner. Om lag 30% er bebuarar på mottakssenteret. Til saman har dei i 2015 utført om lag 750 timer med frivillig arbeid.

**Tilbod som er nytta i 2015:** Språkven (7), leksehjelp (4), studiehjelp (2), datahjelp (2), turven (1), hjelpetenester (18), ledsager (2) og øvingskøyring (5).

**Arrangement:** Saman med biblioteket og andre har vi arrangert 34 arrangement med til saman om lag 1370 besökande. I tillegg har vi hatt faste aktivitetar som norsktme, samtalegruppe, filmkveld og skrivegruppe.

## Prosjekt:

Bulystprosjektet *Integrerande arbeidsliv* er inne i siste fase. Ein eigen prosjektrapport vil ferdigstilla i 2016.

*FriBib* - Prosjektleiar er tilsett for å utvikle biblioteket og frivilligsentralen som sosial møteplass, med midlar frå Nasjonalbiblioteket og kommunen. Prosjektperioden er forlenga til 2016.

Sentralen fikk i 2014 25.000,- frå *Gudrun Søndrol sitt minnefond* til tiltak for eldre. I samråd med målgruppa vart det vedteke å lage benkar til gangvegen i Vang sentrum. Prosjektet er no samkjørt med kongevegen sine benkeplaner og benkane er forventa på plass i 2016.

I samarbeid med introduksjonssenteret, mottaket og *Vinjerock* rekrutterte og rettleia vi tre asylsøkjarar og ein busett flyktning til å vere frivillige på festivalen. Prosjektet ga gode erfaringar som vil bli ført vidare.

*Integrasjonsforumet* i Vang er eit uformelt forum med representantar frå skule, barnehage, bibliotek, frivilligsentral, mottak, introduksjonssenter, helseavdeling m.fl. Forumet har hatt 2 møter i 2015 og drøfta saker som fleirkulturelt råd, kveldskurs med norskundervisning, foreldrerekurs for fleirspråklege foreldre i skule/barnehage, ulike samarbeidsarrangement, kommunikasjon med arbeidsinnvandrarar osv. Av og til inviterer vi inn eksterne, t.d. har banken informert om reglar for nye kundar.

## Kulturarbeidet i Vang vurdert i Kommunebarometeret

I kommunebarometeret for 2015 blir Vang kommune sin innsats på kulturområdet rangert på 20 plass av landets 428 kommunar!

## PLANAR og tiltak FRAMOVER

### Barnehagane

- Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø

### Skulane

- Ferdigstille VBU-utbygginga med fleir brukshallen, terapibassenget og ombygginga av skuledelen
- Legge til rette for eit godt elev- og skolemiljø der målet er god trivsel og stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheter hjå elevane
- Halde behovet for spesialundervisning på eit lågt nivå gjennom tidleg innsats og god tilpassa undervisning

### Kulturskulen

- Opprettehalde og vidareutvikle kulturskuletilbodet

### Introduksjonssenteret

- Legge til rette for best mogleg integrering av dei busatte flyktningane gjennom eit godt samarbeid med lokalsamfunnet og aktuelle offentlege instansar
- Organisere undervisningstilbodet for asylsøkarar på Vang mottakssenter
- Legge til rette for oppstart og god drift av bufellesskapet for einslege mindreårige flyktningar

### Kultur

- Støtte opp om ungdomsrådet og følgje opp tilrettelegging av fritidstiltak for ungdom
- Følgje opp gjeldane kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Vidareføring av Kongevegprosjektet
- Gjennomføre nødvendig vedlikehaldsarbeid på Leinekvernene
- Stimulere til, og støtte vedlikehald og istandsetjing av gamle bygningar og bygningsmiljø
- Stimulere til, og støtte forskjønning- og trivselstiltak
- Ta initiativ til og støtte ulike kulturarrangement

### Biblioteket

- Vidareutvikle biblioteket til ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i kommunen
- Ferdigstille skulebiblioteket på VBU

### Frivilligsentralen

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i heile kommunen



## IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Leiar IHT: Guro Råheim Kvam

### Målsetjingar 2015

- Yte naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Tilby differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Styrking og omstrukturering av heimetenesta med fokus på auka kapasitet, kvalitet, arbeidsmiljø og ressursstyring for å kunne ha tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov i høve til å oppretthalde høgaste moglege nivå av eigenomsorg lengst mogleg.
- Avlasting til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemmning, alder eller anna årsak – slik at dei kan ha omsorg for sine nærmeste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Oppfølging samhandlingsreforma: Gje naudsnyt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Oppretthalde tilpassa dag-, arbeids- og aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne grunna alder, fysisk eller psykisk sjukdom. Ivareta livskvalitet, behov for sosial kontakt og aktivitet gjennom førebygging og meiningsfylte aktivitetar
- Utvikle og implementere dagtilbod for personar med demens i tråd med Demensplan 2015.
- Legge til rette for normalisert livssituasjon gjennom arbeids- og aktivitetstilbod.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Rom for brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- Tilpasse Vang kommune sine tenestetilbod til tenestene i VLMS.
- Arbeide aktivt for å rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs.
- Delta i SamAks-prosjektet: Samarbeid med Sjukehuset Innlandet om kompetanseheving i høve til pasientar med demens som kommunane no har eit større ansvar for.
- Oppfølging av Etisk kompetanseheving i Vang. Prosjektet har som føremål å auke bevisstgjering rundt handling og haldningar gjennom etisk refleksjon, auka kommunikasjonskompetanse og profesjonalisert problemhandtering.
- Implementere elektronisk internkontrollsysten for å betre sikre kvalitet på tenester, arbeidsmiljø og HMS. Gjennomføring av risikovurdering gjennom kartlegging av område der det er fare for svikt, og utarbeiding av tiltak og rutinar i høve til dette.
- Implementering av Meldingsløftet med bruk av elektronisk meldingsutveksling



## Hovudarbeidsområde

### IHT

Tabellen til høgre viser fordelinga av tilsette.

#### Vangsheimen:

16 langtidsplassar, 10 korttids-plassar, ein tryggleiksplatz, dagsenter, Grindablikk (dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens), kjøken/kantine og vaskeri.

	Tilsette	Årsverk
Leiing og stab	8	6,55
Vangsheimen (langtid + korttid+ vikarbank)	49	24,04
Heimesjukepleie og heimehjelp	23	12,94
Dagsenter og Grindablikk	6	1,67
Miljøtenester	44	22,69
Kjøken, reinhald, vaskeri, vaktmeister	12	8,11

**Heimeteneste:** Heimesjukepleie og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

**Butilbod:** 14 omsorgsbustader, 3 forsterka bustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

**Miljøarbeid:** Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov. Miljøtenesta har i tillegg 27 støttekontaktar og avlastarar

IHT har i hovudsak ei stabil personalgruppe. Me har lukkast med å rekruttere nye til avdelinga til faste stillingar, men det er ei utfordring i høve til vikariat. Det har i 2015 vore gjennomført ei nedbemannning på langtidsavdelingane og ved bufellesskapa i miljøtenesten. Heimesjukepleia er styrka og det er oppretta dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens, Grindablikk. Samla reduksjon sett i verk frå 1.10.2015 er på om lag 3 årsverk. Endringsprosessen har vore tidkrevjande og det har vore ei påkjenning for dei tilsette. Prosessen er gjennomført utan oppseiingar.

### Kompetanse

Det har i fleire år vore jobba for å få ufaglærte til å ta fagbrev og andre tilsette til å ta høgskuleutdanning / vidareutdanning.

*Helsefagarbeidarar:* Fire tilsette har teke fagbrev som helsefagarbeidar i 2015. Me har 1 lærling i helsefag.

*Sjukepleie/vernepleie:* To tilsette er under utdanning til sjukepleiar og ein tilsett tek utdanning som vernepleiar.

*Vidareutdanning:* To helsefagarbeidarar har fullført toårig fagskuleutdanning med fokus på geriatri, psykiatri og demens. Ein hjelpepleiar tek vidareutdanning i leiing.

#### Kurs og anna opplæring:

*ProAct/ALERT – Opplæring i akutte, livstrugande hendingar – gjenkjenning og behandling.* 4 timer. Gjennomført av tilsette på korttidsavdelinga og heimesjukepleia

*Demensomsorgens ABC – miljøbehandling – gjennomført av alle tilsette på langtidsavdelingane.*

*Kvalitetslosen –* Sju leiarar har gjennomført 2 dagars opplæring. 114 tilsette har gjennomført 2 timars opplæring i avviksregistrering.

*Sjukefråvær – rettar & plikter i oppfølging og samarbeid.* Leiarar har gjennomført dagskurs. Alle tilsette har gjennomført 1 t. innføringskurs med HaVa BHT.

*Etikk – metoder for etikkrettleiarar.* Seks tilsette har gjennomført dette.



*Demensteam:* To dagars kurs for oppretting og drift av demensteam. Fire tilsette (demensteamet) har gjennomført.

*Erfaringskonferanse – kvardagsrehabilitering:* To tilsette deltok på dagskonferanse.

*BPA* – Ein arbeidsleiar og to assistenter har delteke på hhv. opplæring for arbeidsleiarar og opplæring for assistenter.

*Mobil omsorg* – Tilsette i heimesjukepleia har fått innføringskurs i mobil omsorg.

*Noklus* – Åtte tilsette har gjennomført kurs i kvalitetssikring av blodprøvetaking/prøvetaking og analyse.

*Erfaringskonferanse Profil – Systemansvarleg* har delteke på konferansen.

*Grunnopplæring HMS* – Ein leiar har gjennomført grunnopplæring

*Visma Samhandling Arkiv* – Åtte tilsette har fått opplæring i fullektronisk arkiv for fagsystemet Profil.

*Ressursstyring – VismaWebressurs* – alle tilsette i turnus har fått innføring i bruk av systemet.

*Eigenkontroll elektriske anlegg* – To leiarar deltok på kurs i regi av Vang Energi.

*Hafjellseminaret* - Fleire tilsette i miljøtenesta deltok på 2 dagars seminar med tema effektive metoder i arbeid med personer med utviklingshemming og autisme.

*Brannvern* – Tilsette ved Vangsheimen har gjennomført 2,5 timars kurs om førebygging og slokking.

Det er faste møte mellom leiinga og alle tillitsvalde i IHT annankvar månad.

IHT har fokus på HMS arbeid. Vi har tre aktive verneombod og har faste møte med desse. Det blir jobba med risikovurderinger, sjukefråværersarbeid, arbeidsmiljøsaker mv. Det blir gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidarsamtaler i alle avdelingar. I 2015 har alle tilsette gjennomgått opplæring i det nye elektroniske internkontrollsystemet «Kvalitetslosen».


IHT har hatt eit samla sjukefråvær (eigenmeldt og legemeldt) på 9,6 % i 2015. Det er langtidsavdelingane og bufellesskapene som har det høgste fråværet. IHT jobbar systematisk med oppfølging av sjukmelde og har sett i gang eit arbeid ilag med HaVa BHT med formål å redusere sjukefråværet.

IHT er ein kvinnedominert arbeidsplass. Det er 84% kvinner og 16% menn. Det er fleire menn i miljøtenesta enn i pleie- og omsorg.


IHT har 9 tilsette over 60 år.

## Økonomi


<b>Ansvar 320-339</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Regulert budsjett</b>	<b>Avvik</b>	
			kr	%
Driftsutgifter	64 710 000	67 958 000	-3 248 000	4,8
Driftsinntekter	-15 316 000	-14 730 000	-586 000	4,0
Netto driftsutgifter	49 394 000	53 228 000	-3 834 000	-7,2
Investeringsutgift	85			



IHT jobbar systematisk for å redusere driftsutgiftene. Kravet om at kommunen skal løyse fleire oppgåver er utfordrande, både i høve til avgrensa økonomiske ressursar, og tilgang på kvalifisert personell. Omstillingane som er gjennomført dei siste åra, har gjeve innsparing på drift. Ressursar er omdisponert og ein har fått rom for nye, pålagde tenestar. Mindreforbruk i 2015 skuldast bemanningsreduksjon og redusert innleige ved fråvær når det ikkje er fullt pasientbelegg. Meirinntekt er tilskott til dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens og sjukepengerefusjon.



Driftsutgiftene (grøn line) har auka jamt frå 2011 -2014. Endringane gjennomført i 2014 og 2015 syner at ein har greidd å redusere driftsutgiftene merkbart. Driftsinntektene i IHT er i hovudsak avgrensa til husleigeinntekter og brukarbetaling. Det er statlege føringar for desse. Variasjon i inntekt har samanheng med variasjon i beleggsprosent; Denne gjekk ned frå 76,6% i 2014 til 68,4% i 2015.



Tabellen syner utviklinga for institusjonstenester (funksjon 253) og for heimetenester (funksjon 254). Institusjonstenester hadde i 2015 ein nettokostnad under 2011 nivå, og er Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016



redusert frå ein topp på kr 25 514' i 2013 til kr. 22 758' i 2015. Utgiftene til heimetenester har auka, då heimetenestane er styrka.

## Vangsheimen

Vangsheimen har 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Det er 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlasting og lindrande behandling. Vi har ein tryggleikslass.

I 2015 var gjennomsnittleg beleggsprosent 68,4% (76,6 % i 2014): 88,3% (99% 2014) på langtidsavdelingane og 42% (82 % i 2014) på korttidsavdelinga. Tryggleikslassen har hatt 12,3% belegg (6,6 % i 2014).

Det har vore 49 korttidsopphald i 2015 mot 69 i 2014. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 29,4 døgn i 2015, ein liten nedgang frå 2014 (30,5 døgn i 2014). Det har vore 63 avlastingsopphald med ei gjennomsnittslengde på 5,1 døgn, ein nedgang frå 8,8 døgn i gjennomsnitt i 2014. Det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald.

Langtidsopphald avslutta i 2015 hadde eit gjennomsnittslengde på 5,1 år (2,9 år i 2014). Denne variasjonen kjem av at fleire pasientar som døydde i 2015 hadde vore på Vangsheimen i svært mange år.

Det har vore eit merkbart mindre press på sjukeheimspllassar i 2015. Årsaka til dette er samansett. Styrking av heimetenesta, god kapasitet på korttidspllassar er medverkande. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbeleget, og det varierer raskt. Det blir jobba for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestenivå. Korttidsavdelinga har m.a. tverrfagleg møte kvar 14. dag, der ein vurderer behov og tiltak til pasientar.

På langtidsavdelingane har det vore fokus på livskvalitet og brukarmedverknad i 2015. Pasient og pårørande får tilbod om minst 2 samtaler pr. år med avdelingssjukepleiar, primærkontakt og evt. lege. Det blir arrangert temafest for pasientar og nærmeste pårørande kvart halvår. Her blir det teke opp saker som er felles for både avdelingane, og orientert om aktivitet og utvikling sidan sist. Langtidsavdelingane har også hatt fokus på miljøbehandling. Dei involverer pasient og/eller pårørande i kartlegging for å kome fram til passande aktivitetstilbod.

Det er to legar knytt til sjukeheimen. Det er eit godt samarbeid med legetenesta. Kurs, permisjon og fråvær medfører i periodar manglante kontinuitet, men alle får naudsynt helsehjelp. Det er teke i bruk elektroniske meldingar mellom legekontoret og pleie- og omsorg. Dette sikrar effektivitet og kvalitet.

## Dagsenteret

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbrukarane.

I 2015 har det vore 23 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar, dette er ei auke på 6 frå 2014. Nokon brukar tilbodet ein dag og nokon to dagar pr. veke.

Det er ulike faste aktivitetar: Allsang med Siri-Gro og Alistair gjennom kulturskulen kvar måndag eller torsdag i skuleåret. Ein halvtime trim kvar dag. Det har vore andakt 10 gonger, med ei stølsmesse og ei nattverdsgudstjeneste. Det er arrangert fleire festmiddagar på Fjordstøga: t.d påskemiddag og viltmiddag. Festmiddagane er for både pasientar på Vangsheimen og dagsenterdeltakarane. Det vart arrangert rullatortreff med aktivitetsløype og påfølgjande middag. Det har vore fleire konserter frå den kulturelle spaserstokken, mellom anna «Genseren til Johansen» og adventskonsert med Guren Hagen. I januar fekk

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016

Vangsheimen ein Prøysen-konsert i gáve frå privat gjevar. Kor og korps i kommunen, seniordansen og skule- barnehage har også bidrege med underhaldning i 2015. Det er arrangert klessal 4 gonger.

Aktivitetane er både for dagsenterbrukarar og pasientane på Vangsheimen.

Det har vore sumartur til Beitostølen og besøk frå Lærdal.

Dagsenteret har samarbeid med frivillige som hjelper til når det er behov for fleire hender.

### **Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens**

Vang kommune fekk tilskott frå Helsedirektoratet for å opprette nye plassar for dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens i 2014. Tilboden går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette. Dagaktivitetstilboden har tilhald på Nordigarden ved Vangsheimen. Det er 6 plassar og er ope 2 dagar i veka, onsdag og fredag.

Det har vore opp til 5 brukarar i 2015.

Det er 4 tilsette ved Grindablikk, 2 på jobb kvar dag. Dette året har gått med til å etablere eit tilbod og finne ut kva som trengs og kva for aktivitetar som er aktuelle for brukarane.

Det har vore fleire turar, t.d: Valdres Folkemuseum på Fagernes, Helin, Eidsbugarden, Årdal og Slettefjellet.

Det er etablert samarbeid med friviljuge, lesestund med Sigfred er for tida fast innslag.

Personalalet opplever at dei greier å nå målet for Grindablikk: Å skape dei gylne augneblikka for den einskilde, og å gje dei ei kjensle av ein god dag. «Så er det berre å halde fram med det som er bra, og vidareutvikle det som står att».

### **Omsorgsbustader**

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss og 1 i Prestgardsstigen. Grindatun har 4 bueiningar og Bakkehaugen 3. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekontor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene får heimetenester på linje med andre heimebuande.

Det har vore fleire ledige omsorgsbustader i 2015. Ein bustad ved Storplogen er møblert til bruk som treningsleilegheit. Pasientar som har bruk for å prøve ut om dei kan greie seg i omsorgsbustad eller i eigen heim, kan «prøvebu» i denne leilegheita som del av eit korttidsopphold.

Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål, og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det ein ledig bustad.

### **Forsterka bustad**

Forsterka bustad er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timer pr. døgn. Det er prøvd ut med 3 forsterka bustader på Nordigarden ved Vangsheimen. Behovet for tilboden er tilstade, men personalet opplever at plasseringa og nærleiken til korttidsavdelinga skapar eit for lite skilje mellom omsorgsbustad og institusjonsplass. tilboden ved Nordigarden skal fasast ut, og i staden gje tilsvarande tilbod ved å bemanne delvis i omsorgsbustadane på Storplogen.

### **Heimetenesta**

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det er fem heimehjelper tilsett i 50 % stillingar, i tillegg har vi to faste vikarar. Ein



av heimehjelpene har koordinerande ansvar for tenesta.

Ved utgangen av året var det 123 (108) brukarar i heimetenesta (2014-tal i parentes). 52 (45) fekk heimesjukepleie, 71 (63) praktisk bistand, av desse hadde 31 (29) både heimesjukepleie og praktisk bistand. Det er ei auke i talet på brukarar men og i omfanget av hjelp pr brukar. Dette varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg. Det er ei auke av hyttefolk som har behov for heimesjukepleie.

Heimesjukepleia har teke i bruk MobilOmsorg, bærbar fagløysing, der ein har tilgang til naudsynte pasientopplysningar og samhandling og dialog med fastlege og sjukehus.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrenings/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphold. For heimebuande pasientar er dette viktig både for kosthold, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlasting for pårørende bidreg til at pasientar kan bu lengre heime.

Ved årskiftet var det 23 personar som fekk tilkøyrt varm middag. 38 brukarar har tryggleiksalarm. Dette er på same nivå som i 2014.

Vang kommune administrerer Transporttenesteordninga for rørslehemma (TT) for Oppland Fylkeskommune. Kommunen har 20 TT-heimlar. Ved årsskiftet var det 1 ledig heimel. Det har også vore venteliste gjennom året. Etter tilleggstildeling hadde Vang kr. 94 000,- til fordeling, det vart brukt kr 64 000,- i 2015.

## Miljøtenesta

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei nærmeste
- Avlasting – til familiær med tyngande omsorgsoppgåver

Det er 45 tenestemottakarar 2015:

BPA: 6

Leksehjelp: 1

Miljøarbeid: 8

Omsorgsløn: 7

Støttekontakt: 20

Avlasting: 3

Fleire tenestemottakarar har meir enn ein teneste.

**Bukollektiva** hadde felles burettleiar fram til 1.10.15. Burettleiar har opplevd det utfordrande med fordeling mellom to arbeidsplassar/kontor, m.a. med oppdekking av vakter ved akutt fråvær, turnusoppfølging og oppfølging av personalet. Det er gjort fleire tiltak for å gjøre det funksjonelt med to kontor, m.a. i fht datautstyr som server både arbeidsplassane for å lette arbeidet. I samband med ressursgjennomgang og turnusendring har ein vald å dele leiarfunksjonen for Grindatun og Bakkehaugen igjen. Det er no ein avdelingsleiar for kvar bustad. Desse jobbar turnus og er såleis tilstade på avdelinga i 100% stilling.

Turnusane er igjen delt, men nokre tilsette jobbar ved fleire avdelingar og det er lagt opp til

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016

eit tett samarbeid mellom avdelingsleiarane og miljøterapeutane.

**Lund arbeidsbase** gjev arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, psykiatri-tenesta, barnevernet, rusomsorga og flyktningtenesta. Tidvis er det også arbeidstakrar via NAV som skal ha språk- eller arbeidstrening.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakrar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette. Eks er bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m.

Basen har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). ½ stilling som miljøarbeidar har vore vakant deler av året.

### Planar og tiltak framover

Dei største kjende utfordringane for IHT framover er den demografiske utviklinga, innbyggjarane sine behov for helse- og omsorgstenester, kommunen sin økonomi og tilgangen på tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft. IHT må jobbe målretta for vidare effektivisering og å finne løysingar på utfordringane.

- Oppfølging av politiske vedtak og planar
- Ny organisasjonsplan for helse- og omsorgsetaten
- Brukarmedverknad: Utarbeide rettleiar for m.a systematikk i arbeidet, gjennomføre brukarundersøking, tiltak for brukarmedverknad i ulike avdelingar.
- Kvalitetssikring av kartlegging, tenestetildeling og dokumentasjon
- Ernæring, mat og måltid
- Arbeid med rutinar og kultur
- Kvalitetssikre og systematisere opplæring
- Vidareutvikle dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens
- Planlegge vedlikehald av bygg i samarbeid med teknisk etat.



## HELSEAVDELINGA

Leiar: Kommuneoverlege Sidsel Offergaard Jevne

### Hovudarbeidsområde

- Allmenn individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgsteneste- lova: Legeteneste, fysioterapi, ergoterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skulehelseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral
- Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid

Talet på fast tilsette var 17 personar i 2015. Dette utgjorde 11,75 årsverk.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar ved legekontoret.


Administrativt arbeid tek svært mykje tid for kommuneoverlegen. Ettersom dette har gått mykje ut over tida som er til rådvelde for samfunnsmedisinske oppgåver, er det sett i gang ein prosess med tanke på endra overordna leiing i helse- og omsorgsetaten, med planlagt iverksetting våren 2016.

Kvalitetslosen blir nytta som system for internkontroll. Tida har ikkje strekt til for tilstrekkeleg vedlikehald av dokument i dette systemet. Det er ikkje rapportert om nye, alvorlege avvik, men eit avvik frå 2014 ang. bygningsmessige tilhøve er framleis ikkje retta med tilfredsstillande resultat. Det har ikkje vore tid til vernerunde sidan 2014. Avdelinga har særslig lågt sjukefråver.

I alle lokale for helseteneste i Vangstunet er det problem med temperaturreguleringa.

### Økonomi

Ansvar 310-319	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Driftsutgifter	11 310 000	11 228 000	82 000	0,7
Driftsinntekter	-3 227 000	-2 752 000	-475 000	17,3
Netto driftsutgifter	8 083 000	8 476 000	-393 000	-4,6
Investeringsutgift	34			



Rekneskapen syner som tidlegare eit vesentleg mindreforbruk, men direkte samanlikning med tidlegare er vanskeleg, m.a. pga. ulik føring av enkelte større postar. Inntektene har vore høgare enn budsjettet. Dette gjeld både pasientinntektene på legekontoret og sjukepengar/svangerskapspengar utan motsvarande innleige av vikar. Utgiftene ligg noko over budsjett.

## Legekontoret

Bemanningsa ved legekontoret har vore uendra i 2015. Ein sjukmelding har vore delvis dekt med vikar. I tillegg er det leigd inn vikar for lege og delvis for medarbeidar for å få avvikla ferie og kursfråvær utan altfor stor ekstrabelastning for attverande personell. Med full legebemanning er det høgt nivå på individretta førebyggjande tenester og god kapasitet på kurative tenester, og terskelen for å få rask hjelp ved behov er særslig låg. Det er stor etter-spurnad og svært høg arbeidsintensitet. Individretta førebyggjande arbeid er prioritert, og tilsyn med sjukeheimen har vore utført uendra frå tidlegare år. Stillingsheimelen for hjelpepersonell ved legekontoret er svært liten. Situasjonen er spesielt sårbar ved ferie og anna fråvær, då også vikarmoglegitene har vore små. Elektroniske løysingar for betaling, tinging av time og resept og liknande er innført og sparar noko tid for hjelpepersonell med mindre bruk av overtid, men endrar ikkje behovet for auka personell.

Sjukepleiaren ved asylmottaket opplever svært stort press, og stillingsressursen på 80 % har i periodar vore for liten. Etter utviding av kapasiteten på asylmottaket med ca 40% frå nyttår 2016, vart stillingsressursen også auka med 0,4 årsverk for sjukepleiarar. Også for legetenesta er asylmottaket ei utfordring, spesielt ettersom språk- og kulturforskjellar gjer mange konsultasjonar svært tidkrevjande.

## Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjonstenesta er utført uendra med 1,5 årsverk for helsesyster pluss lege i ca 0,1 årsverk. Det er spesielt fokusert på helseopplysning til foreldre og støtte til meistring og positiv utvikling hjå barn og unge. Det er utstrekkt tverrfagleg samarbeid med andre yrkesgrupper. Det er skriven ei samarbeidsavtale mellom helsestasjon, pedagogisk psykologisk teneste, barnevernteneste, skule- og kulturkontoret, barnehage og skule om tverrfaglig samarbeid, "SAMBU". Det er også samarbeid med psykisk helseteneste om skulebarn og ungdom, både for generell førebygging og for å fange opp enkeltungar med spesielle behov. Dette er avgjerande for å bidra til ein god oppvekst for alle.

Jordmortenesta for Vang er interkommunal og held til på Valdres lokalmedisinske senter.

Helsesystertenesta og psykiske helseteneste er også sentrale i det rusførebyggjande

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016



arbeidet. På bakgrunn av at Valdreskommunene har utarbeidd ein felles rusmiddelpolitisk handlingsplan for 2014-2017, har Vang kommune v/rusførebyggjande arbeidsgruppe laga ein lokalt forankra handlingsplan. Den er ein arbeidsreiskap som omhandlar konkrete rusførebyggjande tiltak i Vang kommune.

To nye verktøy er take i bruk i 2015: COS-P er eit program som baserer seg på å «lesa» bornet sitt for betre å forstå og gi støtte til deira behov for utforskning eller tilknyting.

PF=Psykologisk førstehjelp er eit norskutvikla sjølvhjelpsmateriell for samtale med born i alderen 8-12 år og 13-18 år. Leiande helsestasjoner har avslutta 2-årig tilleggsutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge.

Også helsestasjonen har merka auka tilstrømming av asylsøkjarar. Samarbeidet med Vang mottakssenter er godt. Asylsøkjarar har rett til dei same helsetenestene som resten av befolkninga. Spesiell utfordring i 2015 har vore oppvaksinering av asylsøkjarar frå Syria og oppfølging av ulike smittesituasjonar.

## Fysioterapi og ergoterapi

Det har vore full bemanning av fysioterapeutar i perioden, med 2,0 årsverk, og det har vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling). Ein av fysioterapeutane har spesialutdanning i psykomotorisk fysioterapi, som er svært nyttig.

Fysioterapitenesta er framleis ikkje kopla opp mot Norsk Helsenett, så ein del administrative rutinar er framleis meir tidkrevjande enn nødvendig.

To av fysioterapeutane deltek i interkommunalt samarbeid om barnefysioterapi. Fysioterapeutane satsar på gruppevis trening, m.a. psykomotorisk trening og medisinsk yoga. I samarbeid med Frisklivssentralen er det utarbeidd eit treningsopplegg for fallførebygging blant eldre. I 2015 vart det kjøpt inn eit kostbart treningsapparat, som blir flittig brukt. Elektromedisinsk utstyr blir kontrollert og godkjent årleg.

Ergoterapeuten jobbar med bustadtilpassing og hjelphemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne, slik at dei skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer. Ergoterapeut har saman med sjukepleiar delteke på erfarringskonferanse om kvardagsrehabilitering, ein tilnærningsmåte til tenesteyting ein ynskjer å jobbe vidare med. Det har vore skrivedans i 1. kl. og for førskuleborna i ein barnehage. Det er generelt relativt kort ventetid for bistand frå ergoterapeut.

Fysio- og ergoterapitenesta utfører tenester for og i samarbeid med IHT, med trening/rehabilitering i institusjon og m.a. heimebesøk saman med innlagte pasientar for planlegging av heimreise, noko som har vore svært nyttig. Dei deltek i tverrfaglege møte i IHT, inkl. tildelingsteamet.

Fysio- og ergoterapitenesta er godt budd på oppgåver som måtte kome med samhandlingsreforma/lokalmedisinsk senter og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver innan kort tidsfrist. Både har felles ansvar for kommunalt korttidslager for hjelphemiddel og elektronisk Individuell Plan etter forskrift.

## Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste er eit gratis, lågterskel helsetilbod for samlege innbyggjarar, inkl. asylsøkjarar og andre med mellombels opphold. Ein kan sjølv ta kontakt med tenesta og få tilbod om støttesamtalar, råd og rettleiing, nettverksmøter eller annan oppfølging når ein opplever utfordringar i livet. Tenesta har også eit dagtilbod kvar tysdag for dei som har behov for sosialt samvær i trygge omgivnader.

I 2015 har psykisk helseteneste saman med helsestasjoner tatt utdanning i ein førebyggande behandlingsmodell: "Circle of Security, COS-P", sjå ovafor. Målet er å gi COS-P-opplæring Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016

vidare til foreldra og barnehagertilsette i kommunen.

Bemanninga i psykisk helseteneste var noko lågare først på året i 2015, men etter sommarferien har tenesta kome opp i full bemanning med 2.3 årsverk med sjukepleiarar for individualsamtalar og oppsøkjande verksemd. Dagsenteret har i løpet av året innskrenka tilbodet frå to til ein dag i veka på grunn av for få brukarar. Senteret er lokalisert ved Lund og blir drive av ein miljøterapeut i 20% stilling.

### **Frisklivssentralen**

Stillinga for frisklivsrettleiar vart utvida frå 20 % til 40 % frå 1. mars 2015. Dette har m.a. gjort det mogleg å starte fallførebyggjande grupper blant eldre. Frisklivssentralen fekk 22 nye brukarar i 2016, av desse var 16 tilvist frå lege. I tillegg forlenga 11 brukarar sine reseptperiodar. Frisklivssentralen har også fleire kurstilbod og ulike treningsgrupper, sjølvstendig eller i samarbeid med dei andre frisklivssentralane i Valdres, delvis med støtte frå ulike prosjektmidlar. Nytt i 2015 var tilbod om balansetrening for seniorar. Dette bli vidareført i 2016, men da utan prosjektmidlar. Gruppetilboda er opne for alle og stiller ikkje krav om å ha frisklivsresept. Ønsket om å starte opp et nytt gruppetilbud med "Aktivitet for funksjonshemma" vart ikkje gjennomført, da det ikkje lykkast å få kompetent instruktør.

Frisklivssentralen i Vang har samarbeidsavtale med både Tyin Aktiv og Ryfoss treningsenter. Det inneber at brukarar med frisklivsresept har moglegheit til å nytte treningsrom/-tilbod ved de to sentra i reseptperioden.

Det er krav om journalføring etter helselovgivinga i Frisklivssentralen. Arbeidet med etablering av elektronisk journalsystem vart starta i 2015, men ikkje fullført.

### **Folkehelse**

Stillinga for folkehelsekoordinator er 20 %. Målgruppa for folkehelsearbeidet er alle innbyggjarane i Vang, særleg dei som er lite fysisk aktive. Folkehelsearbeidet skal medverke til at flest mogleg er i fysisk aktivitet og ynskjer å drive idrett ved å ta initiativ, koordinere og stimulere til samarbeid og samhandling på alle nivå. I 2015 har fokus vore på tilrettelegging for enkelt friluftsliv ved å fullføre eit regionalt prosjekt med gratis klopper og skilt til eksisterande og nye turmål i Vang, i samarbeid med VNK. Jobba med eit OL-prosjekt i samarbeid med ei ressursgruppe ved Vang barne- og ungdomsskule. Planlegging, gjennomføring og etterarbeid av trim for tilsette kvart halvår i kommunal sektor er ein viktig del av arbeidet. Planlagt og gjennomført nokre enkle turopplegg saman med Frisklivssentralen. Kome fram til fem ulike friluftsområde for avstemming av det beste friluftsområdet i kvar kommune – ei konkurranse arrangert av avis Valdres. Det er tett samarbeid med Frisklivssentralen og jamleg møte i styringsgruppa for folkehelse i Vang, dessutan samarbeid med ymse lag rundt enkeltprosjekt

Den lovpålagte folkehelseoversikta vart ferdigstilt i 2015 og lagt fram til politisk behandling, saman med ein eigen folkehelseplan for Vang. Planen er ein skisse til enkelttiltak og arbeidsmåtar, men må følgjast opp i alt planarbeid i kommunen.

## Utfordringar framover

I 2016 blir hovudutfordringane

- Tilstrekkeleg kapasitet til fagleg tilfredsstillande medisinsk arbeid for større antal asylsøkjarar, utan for mykje reduksjon til tilbodet til eigen befolkning. Dette krev m.a. framhald av utvida stilling for sjukepleiar tilknyttt mottaket
- Auke kapasiteten for samfunnsmedisinsk arbeid ved omorganisering av helse- og omsorgstenesta
- Gjennomføre omorganiseringa av helse- og omsorgstenesta på ein god måte
- Betre elektronisk infrastruktur og samhandling med eksterne aktørar



## LANDBRUK TEKNISK

Etatsleiar: Landbruk/Teknisk sjef Terje Hålien

### Målsetjingar

- Tilrettelegge for næringsutvikling.
- Utvikle gode bumiljø og tenestetilbod.
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.
- Utføre lovpålagte oppgåver innafor dei tidsfristar og det skjønn styringssignalene heimlar.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringer og aktuelle tilleggsnæringer i Vang.


### Hovudarbeidsområde

Administrasjon, behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning. Tilrettelegging for nye bustadfelt, næringsbygg/areal, vedlikehald kommunale bygg og anlegg, drift av brann- og feiarvesen, kommunale vegar og gatelys, vatn(avløps)anlegg og renovasjon.

Talet på tilsette var 18 i 2015. Dette utgjorde 15,7 årsverk. I tillegg kjem stillinga som GIS-konsulent felles for Valdres og 18 brannmannskap i deltidsstillingar.

### Økonomi

	Ansvar 400-490	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik Kr	Avvik %
Driftsdel	Utgifter	27 966 000	24 771 000	3 195 000	12,9
	Inntekter	-21 452 000	-19 224 000	-2 228 000	11,6
	Netto driftsutgifter	6 514 000	5 547 000	967 000	17,4
Investeringsdel	Utgifter	2 616 000			
	Inntekter	-1 341 000			
	Netto inv.utgifter	1 275 000			



I utgifta her ligg det 4 645 000 i avsetnader til bundne driftsfond som ikkje var budsjettert. Dette kjem frå mindre forbruk på vann og avløp samt store eingongsavgifter gjennom tilknytingsgebyr. Ser ein bort i frå denne utgifta så har vi eit underforbruk på 1 450 000. Dei største innsparingane kjem frå mindreforbruk på løn og mindre vedlikehald enn fyrst antatt.

Dei auka inntektene kjem frå gebyrinntekter, tilknytingsavgifter og refusjonar frå stat.

Det er gjennomført medarbeidarsamtalar med dei fleste av arbeidstakarane.

## Bygningsavdeling

Det var ei stor auke i tal nye hytter i 2015 med totalt 26 byggeløyver (10 i 2014, 16 i 2013).

I tillegg er det innvilga byggeløyve for tre nye leilegheitsbygg med totalt 11 fritidsleilegheiter (nærings).

Det er gjeve byggeløyve for tre (fire) nye einebustader og to to-mannsbustader.

Dei fleste byggesakene omfattar tilbygg og ombygging og mindre bygningar, som garasjar og annekts.

Det er gjeve byggeløyve for ein ny driftsbygning (mjølk), to tilbygg til driftsbygning (sau) og eitt reiskapshus.

Totalt er det behandla 137 (174) byggjesaker inkl. utsleppssaker etter delegert behandling, og 9 (17) saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Det kom inn 586 000 kr (417 000) i gebyr for behandling av byggjesaker. Dekningsgraden for behandling av byggjesaker (gebyrinntektene i høve til utgiftene inkl. del av felles kontorutgifter) er rekna til ca. 82 % (62 % i 2014).

## Arealplanlegging

### Kommuneplan

Det vart gjort ei retting i arealplanen i 2015 då det vart oppdaga ein feil i føresegnene og omsynssonene kring kyrkjene i Øye.

### Kommunedelplanar

Kommunedelplanar som er vedtekne eller under utarbeiding/behandling:

- Tyinkrysset: Det er varsle oppstart og planprogrammet vart lagt ut på høyring. Pga. arbeidskapasitet er det ikkje gjort meir med planen ut over å bestille ny ROS- og KU (for å få innarbeidd rasfarekartlegginga) og ei tilleggsanalyse frå Ecosign som skal ta før seg ny E16 vs. masterplanen og analysere bustadbehovet i området (rapporten vil kome i februar 2016).
- Trafikktryggleiksplanen vart vedteken den 17.11.2015.

### Reguleringsplanar som er vedtekne og under utarbeiding/behandling

I 2015 vart det vedteke åtte nye reguleringsplanar. Tre av desse er private forslag (legg til rette for hytter og leilegheiter), tre er utarbeidd av vegvesenet og dei andre er kommunens eigne planar.

- E16 Kvamskleiva (22.4.2015)
- Eidsbru massedeponi (22.4.2015)
- Reguleringsplan Raudalen, S2 endring (22.4.2015)

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016

- Tyinkrysset fjellstue med alpin (22.4.2015)
- Parkering Kyrkjestølen (24.9.2015)
- Reguleringsplan for justering av E16 ved Kolabrunne (24.9.2015)
- Solsteinlie (24.9.2015)
- Børrenøse (17.11.2015)

Det vart kravd inn kr 179 000,- i gebyr for behandling av private planforslag i 2015.

Det er to reguleringsplanar, for utviding av bustadfeltet og næringsareala i Ryfoss, som kommunen har sett bort til Utmarksplan. Planen for bustadfeltet har vore på fyrste gongs høyring og ettersyn. I tillegg har kommunen bistått i oppstart av to private planforslag som er varsle; dette er utviding av hyttefeltet på Reikesteinsøddin og bustadfelt på eigedom gnr. 25/10.

### **Andre prosjekt**

I november vart eit prosjekt som skal kartlegge og verdsette alle friluftslivsområde i kommunen sett i gang. Prosjektleiinga vart, etter ei innhenting av tilbod, gjeve til TurApp AS. Ein del ressursar gjekk likevel med til arbeidet frå planleggaren si side. Prosjektet skal sluttførast i februar 2016.

### **Frådeling, oppmåling og kartlegging**

Frådelingssaker krev samla vurdering etter plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova o.a. Avhengig av type søknad blir slike saker førebudd av landbruk-, bygg- eller matrikkelansvarleg. Etter frådelingsløyve blir deling gjennomført ved oppmålingsforretning. Eldre, umålte tomter eller grenser kan målast utan behandling etter plan- og bygningslova.

Det vart gjennomført 55 forretningar etter matrikkellova i 2015, berre 8 gjaldt nye tomter, 30 rekonstruksjon av eldre skylddelingar, 17 rettingar i matrikkelen. Dette speglar manglande løysingar for vatn og avløp i godkjente planer som ligg urørt, store reserver av tidlegare oppmålte ubygde tomter.

Oppmåling av eldre umålte tomter er subsidiert – det er i lovens intensjon å bidra til at kvaliteten på matrikkelen stadig blir betre og meir komplett. Felles i Valdres gjennomfører me no eit treårig matrikelforbettingsprosjekt og har særskild fokus på slike tomter. Retting av reelle feil blir normalt utført utan å ta inn gebyr. Prosjektet får noko skjønnmiddeletøtte. I oppmålingsgebyr kom det inn 312.000 kr.

Felles GIS (geografiske informasjonssystem) for Valdres (VGIS) er i ordinær drift, felles konsulent har Vang kommune som arbeidsgjevar og sektorleiarane i Valdres som styringsgruppe.

### **Bustadtak og vedlikehald**

Ledige bustadtomter i kommunale felt: Tyinkrysset 2, Høgeset 5; ein forkjøpsrett som ikkje er nytta, Lundsmarka 1, Nordgården 0; (to resterande er delt på 4 bebygde tomter), Bøaflata 1, Åsvang 5 (8 til om VA-blir tilrettelagt), Ryfoss 5 og Steinträet 8. (Tomtene må snart ryddast for skog for å framstå som salgbare!)

Det er gjeve kommunalt tilskot til ein bustad.

Kommuneplanen legg til rette for nye, private bustadfelt på Hensåsen og i Vang. Kommunen vel å utvikle nytt bustadfelt i kommunal regi i Ryfoss.

Også i 2015 var det tilsett skuleungdomar som sommarvikarar i periodar på 14 dagar. Denne ordninga fungerer bra.



## Brann- og feiarvesen

Det har vore 19 utsyrkingar, 4 utsyrkingar til trafikkulykker. Det har vore 2 større brannar. Den største ved Høgeset. Denne brannen avdekkja manglande rutinar mellom Valdres brannførebyggjande avdeling (VBA) og brannsjef. Det er VBA som skal gå brannsyn og dersom det er problem med å få gjennomført brannsyn, skal dei varsle brannsjef som har myndighet til å legge ned bruksforbod. Brannsjefen har i dette tilfelle ikkje motteke noko slikt varsel. Dette har resultert i at vi no har fått på plass rutinar som skal hindre at slikt skjer igjen.

Som følgje av brannen har Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) ført tilsyn med brann- og redningsvesenet. Dette resulterte i nokre avvik. Meir detaljert øvingsplan, innsatsplanar for ein del objekt og prosedyrar for overordna leiing. (ELS).

Avvika er no lukka bortsett frå prosedyrar for overordna leiing. Dette arbeidet er utsett i påvente av behandlinga av felles brann- og redningsvesen for Valdres.

Valdres brannførebyggjande avdeling har gjennomført spesielt brannsyn i 16 av 26 objekt i Vang.

Det er feia 15 piper (440 i 2014) og utført 15 tilsyn av fyringsanlegg. Grunnen til at det ikkje er feia fleire piper er at feiaren har vore langtidssjukmeldt.

Dekningsgraden for feiarvesenet er 46 %, mot 56 % i 2014.

Vi har gjennomført todagars kurs i bruk av hjartestartar i regi av Norsk luftambulanse. Det er no utplassert hjartestartar ved begge brannstasjonane.

Det blir elles vist til eige årsmelding for brann- og feiarvesenet.

Brannsjefen har delteke i ei arbeidsgruppe som har utgreidd felles brann-, rednings- og feiarvesen for Valdres. Meininga var at kommunane skulle behandle innstillinga før jul, men på grunn av arbeidet med kommunereforma, valte kommunane å utsetje behandlinga.

## Landbruk

Bruk med mjølkekyr:	40 (44)	Mjølkekyr:	606 (620)
Bruk med andre storfe:	52 (54)	Storfe/ammekyr:	1357 (1285)
Bruk med sau:	42 (41)	Vinterføra sau:	2156 (2128)
Bruk med mjølkegeiter:	4 (5)	Mjølkegeiter:	442 (473)
Bruk med pelsdyr:	8 (8)	Pelsdyrtisper:	1238 (1251)

Tal for 2014 i parentes.

Ingen selde mjølkekvote. 4 produsentar leiger ut heile eller deler av kummjølkekvota si.

10 produsentar kjøpte kummjølkekvote frå staten, til saman 13190 liter. Ein starta opp med mjølkeproduksjon og kjøpte ca. 53 400 l mjølk privat. Den vart aktiv 1.1.2016.

Avløysing i husdyrbruket vart administrert av Vang avløysarlag.

Datakurs for bønder vart halde i samband med søknad om produksjonstilskot.

I 2015 vart ordninga med regionale Bygdeutviklingsmidlar avslutta og overført til Innovasjon Oppland. Det vart gjeve statsstøtte til tre driftsbygningar i Vang, to sauefjøs og eit lausdriftsfjøs. Det vart gjeve kommunalt tilskot til nybygg/utbetring av seks driftsbygningar/fjøs og to reiskapshus. Nydryka 20 da. I 2013 vart det innført statstilskot til grøfting av vassjuk jord. I 2015 vart det grøfta 6 da.

For tilskot til spesielle miljøtiltak jordbruks kulturlandskap (SMIL) var det 16 søknader frå Vang i 2015. Av desse gjaldt 12 rydding av gammal kulturmark og fire gjaldt verneverdige bygningar.



## Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar etter skogbrukslova med forskrifter. Bruk og forvalting av skogfond og rentemidlane av skogfondet hører til dette.

I 2015 vart det avverka 1 095 m<sup>3</sup> tømmer med ein bruttoverdi på 345 977 kr, og det vart planta 25 425 skogsplanter. Det er fortsatt eit etterslep på planting som må takast i 2016.

Det vart ikkje gjeve tilskott til skogsflis til oppvarming.

Kommunen har i fleire år, i samarbeid med Vestre Slidre og skulen arrangert skogdag for 5. klasse, med naturstig med tema om skogen og andre aktivitetar. Eit populært tiltak.

I 2015 arrangerte kommunen kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag. Her deltok 6 stk., blant dei fleire ungdomar som kommunen dekte deler av kursavgifta for, med bruk av rentemidlar. Eit populært tiltak som det er ynskje om å arrangere fleire av.

Dersom ein gardbrukar skal ha tilsette til å drive i skogen så er det eit krav frå Arbeidstilsynet at desse skal ha utført kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag.

I samarbeid med Valdreskommunane vart det i 2015 tilsett ein person i eit pådrivarprosjekt, der ein skulle gå aktivt ut til skogeigarane for å få dei til å drive med skogkultur som planting, ungskogpleie og liknande. For Vang resulterte dette i ungskogpleie på 153 da.

På skogavgiftskontoen for Vang pr. 31.12.15, stod det inne kr 1 300 174, 11-. (skogsgift + rentemidlar). Rentene utgjorde kr 21 187,-. Rentemidlane skal nyttast til felles tiltak, informasjon og arrangement. For 2015 vart det nytta kr 24 725,- til informasjon og pålagt andel til Fylkesmannen og skogeigarlaget. Eit underskott på kr 3 528. Saldoen på rentemiddelkontoen var pr. 31.12.15 kr 167 194,96.

## Viltforvaltning

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioda 2014-2017.

I 2015 vart det felt 39 elgar av ei kvote på 57 og 56 hjortar av ei kvote på 98. Avskytinga i 2014 var 42 elg og 70 hjort.

For utrykking ved viltpåkørsler og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på fire personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vaktcentralen.

Det var meldt om 4 påkørsler/funn av fallvilt. Av desse var 1 elg og 3 rådyr påkjørt.

## Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman og ein årleg produksjon på nærmere 100 000 kg kjøt.

Filefjell har sumarbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret.

Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren.

Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin.

## Rovdyr

I 2015 vart ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko rovvilt. Samla tap vart 252 av 6854 sleppte sau (4 %) som er normaltap på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap. Statens naturoppsyn (SNO) v/rovvilkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og må varslast så fort som råd i slike tilfelle. Dokumentert tap i Vang gjaldt gaupe. Norges Jeger- og fiskeforeining i samarbeid med NINA har sett i gang prosjekt i Oppland for betre å kunne dokumentere gaupebestanden. I Vang er det sett opp 2 viltkamera. Dette har resultert i at det er dokumentert ei familiegruppe i kommunen.

Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016



Viltansvarlege i Valdreskommunane og leiarane i dei kommunale fellingslaga har diskutert meir samarbeid under forsøk på felling av rovvilt.

Rovviltutvalet er samansett av beitelaga, tamreinlaga, fellingslaget for rovvilt og ordførar som leiar. Utvalet har møter 2 gonger i året, der ein går igjennom bl.a. beredskapsplan og gjennomgang av sesongen.

Under gaupejakta i februar vart det felt 2 gauper i Vang.

I 2013 vart det innført skotpremie. I 2015 vart det utbetalt kr 13 500 i premie og det vart felt:

Kråke	Ravn	Skjære	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
53	7	32	1	3	3	23

## Kommunale vegar

Arbeidet med skilting av vegar var i hovudsak ferdig i bygda, ein del støls- og hyttevegar samt henvisningsskilt der det er fleire enn 6 husstandar/10 hytter vart utført.

## Vatn og avløp (VA)

I 2015 har vi kontrahert entreprenør på nye Tyinkrysset reinseanlegg. Goodtech Envirnoment AS ble tildelt arbeidet. Det har også blitt eit samarbeid med Statens vegvesen og Hæhre om legging av VA leidningar langs vegbanen frå Flögstrøndfjorden til Kølabruna.

Driftsassistansen for vatn og avløp i Oppland (DiO) utarbeider eigen årsrapport for reinseanlegga i Vang.

**Dekningsgrad:** Inntektene frå abonnentar tilknytt kommunale anlegg dekte 147,6 % av utgiftene for vatn og 190,4 % for avløp i 2015 (98,6 % og 128,7 % i 2014). Pr. 31.12. er dekningsgradfondet for vatn ca. 3,0 mill. kr og for avløp 4,0 mill. kr. Tilknytingsavgiftene er med i grunnlaget, og dekningsgraden varierer derfor mykje frå år til år.

## Kommuneskogen

Vang kommune har fire skogteigar: Brekken, Brekkebakkadn, Torpe og Veflen med til saman 902 daa produktiv skog; 21 da med høg bonitet, 456 dekar på middels bonitet og 414 da på låg bonitet. I 2015 vart det utført ungskogpleie på 60 da i Hugastølteigen. Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabojaktfelt eller inngår i organisert viltlag.

## PLANAR og tiltak FRAMOVER

### Byggjesaker

Det er å håpe at den relativt store auka i hyttebygginga som var i 2015 vil halde seg også i 2016.

Det er framleis att ca. 700 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt. Tenlelia har att mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslia. Også på Tyinholmen og Målnes er det mange ledige tomter. I Raudalen er det bygd eit par nye hytter siste året, og det vil kunne bli fleire her framover etter at det i 2015 vart godkjent detaljplan for del av S2 og S4 med ca. 30 nye tomter.

Det har vist seg vanskeleg å skaffe bustader til dei mange ledige jobbane som var utlyst i vinter - Innovasjon har brukt mykje tid på det.

Eitt byggefirma åleine har dei siste åra bygd 12 nye (4-6 av dei er framleis under bygging) leilegheiter for sal i Ryfoss og Bøflaten. Det burde vera marknad for at fleire kunne gjera



dette, og ikkje minst bygge slike bygg for utleige.

Det er venta at det vil bli fleire nye bustader på Heensåsen når det nye, private bustadfeltet her er klargjort for bygging. Utvidinga av bustadfeltet i Ryfoss, som det er igang arbeid med reguleringsplan for, håpar ein også vil utløyse auka bustadbygging når det står klart.

Det er elles ledige bustadtomter i dei kommunale felta både i Tyinkrysset, Bøflaten, Steinræet og på Åsvang.

Kommunen vil nok vera den aller største byggeberen også dette året, med storsatsinga på VBU.

Det har også siste året, og seinast frå nyttår i år, kome ganske omfattande endringar i byggereglane. Det vil bli halden ein ny fagdag på Tingvang for entreprenørar i heile Valdres i april 2016 for å orientere om det som er nytt og elles andre aktuelle tema.

### Kart og oppmåling

Kvalitetsheving av matrikkelen held fram i eit 3-årig interkommunalt prosjekt for matrikkelforbetring. Prosjektet får noko skjønnsmidlar frå Fylkesmannen, men største faktoren er eigeninnsats.

Geovekst er eit samarbeid der offentlege aktørar eig kartdata i fellesskap, og midlar frå sal av kartdata blir ført tilbake til Geovekstpartane. Laserdata med svært detaljert høgdeinformasjon (3 punkt/m<sup>2</sup>) er no satsingsområde. Både for 3D-visualisering av tiltak, kartlegging av (og med det "frigjeving" av) områder med fornminner "frå kontorpulten", betre skredfareanalyser med vidare, er bruksområde.

Det er velfungerande interkommunalt samarbeid på kartsektoren, som gjev stor meirverdi for alle kommunane i Valdres. Stortinget vil i inneverande år utgreie endringar i kommunane sitt ansvar for deler av oppmålingstenestene.

### Planlegging

I 2016 skal ein få ferdigstilt kartlegginga og verdsettinga av friluftslivsområdane. Ein må fylgje opp dei private planforsлага som er varsla og vil kome. Planstrategien for kommunestyreperioden 2016-2020 skal utarbeidast. Kommunedelplanen på Tyinkrysset må få prioritert. Og planstrategien skal syne korleis dei andre planane skal bli prioritert framover.

### Bustadtiltak og byggjeprosjekt

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og til-gjengelege ressursar.

For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindauge og betra ventilasjon. Vindauge er 45 år gamle, PCB-haldige isolerglas med redusert isolasjonsevne. I samsvar med Statens forureiningstilsyn (SFT) sin handlingsplan for redusert utslepp av PCB er det ynskjeleg å skifte vindauge. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilering og varmegjenvinning, vil dette vera eit godt energiøkonomiseringstiltak. Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak. Betre ventilasjon vil rimelegvis gje lærre strålingsfare, og tiltak må utgreiast.

Frå 2014 er det krav om at alle utleigebustader skal dokumentere radonkonsentrasjon, og det vart gjort målingar i desse. Det viser seg at vi har litt høge verdiar i nokre av desse. Er no i gang med å gjennomføre tiltak. I samarbeid med Gjensidige Valdres Brannkasse vil det bli gjennomført termografering av elektriske anlegg som brannførebyggande tiltak.

### Brann- og feiarvesen

I følgje vedteken brannordning skal det vera brannstasjon (bistasjon) i Tyinkrysset, men etter dimensjoneringsforskrifta er det ikkje krav om dette. Det er ikkje stasjonert bil eller utstyr her. I samarbeid med vegvesenet er vi komne fram til at det vil vera best å stasjonere ein tankbil i Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016



Grindaheim brannstasjon for å dekke behovet for sløkkevatn i dei nye tunellane som kjem. Mannskapsbilen ved Grindaheim byrjar og å dra på åra så ein bør vurdere å få skifta den ut.

Feiing og tilsyn håpar ein å koma i rute med att. Der det er varmepumpe blir det ikkje feia kvart år. Det vil bli utgifter til opplæring av feiar og brannmannskap. Det er krav om grunnutdanning, men på grunn av manglande kapasitet ved Noregs brannskule er ikkje dette mogeleg å gjennomføre innan fristen. Ein håpar å få til ein del av denne utdanninga i regionen.

Dersom det blir vedteke felles brann-, rednings- og feiarvesen i Valdres, vil det bli ein del arbeid for å få dette på plass.

Utbygging av det nye nødnettet Tetra er ferdig og vi har fått teke det i bruk fullt ut. Dette har gjeve mykje betre dekningsforhold i kommunen.

### **Landbrukskontoret**

Landbrukskontoret vil i 2016 arrangere fag-dagar/kveldar og -turar i samarbeid med faglaga, landbrukskontoret i Vestre Slidre og Valdres landbruksstjenester.

Dette gjeld også faggagar med kjøtproduksjon og fjøsmøte med overgang frå båsfjøs til kravet om lausdriftsfjøs .

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane, landbruksfaglaga og fjellstyra vil landbrukskontoret halda fram med å ha fokus på dyrehald, dyrevelferd og forureiningssaker i 2016.

Kommunane forvaltar statlege midlar til skogbruksføremål, verneverdige bygningar, kulturlandskapstiltak og miljøtiltak i jord- og skogbruk. Frå Fylkesmannen har det kome signal om vidareføring av statstilskot til aktiv stølsdrift og bruk av utmarka til beite også i 2016, men det er uvisst vidare framover.

Landbruksplanen skal rullerast i 2016. Det blir og sett i gang vegetasjonskartlegging av NIBIO i samband med utarbeiding av beitebruksplan.

### **Kommunale vegar**

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege resursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde sikt og framkome for større kjøretøy. Dekke på vegen Hen – Remmisåsen tek til å bli dårlig og bør fornyast.

### **Vatn og avløp**

Nytt reinseanlegg for Tyinkryssset skal byggast. Det er ikkje mogleg å knytte til fleire abonnenter før avklaring og vedtak om midlar til nytt vassverk. Asplan Viak har utforma anbods-dokument for totalentreprise på nytt reinseanlegg, og Norconsult prosjekterer overføringsleidningar til nytt reinseanlegg og vassverk. Dette vil krevje mykje oppfølging, og vera hovudprosjektet for VA-ingeniøren i 2016 og framover. Byggestart våren 2016.

Kartlegging og digitalisering av leidningsnettet er viktig, det blir derfor tilsett ein summarvikar som skal hjelpe til med digitalisering av leidningsnettet sumaren 2016.

Driftsovervakingsanlegget i Ryfoss treng oppgradering for at driftspersonellet kan få oversikt frå sentralen i Vang. Det bør også bli etablert ein sentral i Ryfoss for å sjå på Vang vassverk/reinseanlegg.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet vorte prioritert.

Det er mistanke om at fleire hytter har knytt seg til det kommunale VA-nettet utan å ha søkt. Nokon er registrert, men arbeidet er kontinuerlig og sommaren 2016 vert det teke ein ny runde.

Spyling av vassnettet er heilt nødvendig for å halde en god vasskvalitet, i 2016 vil Vang bli Vedtatt av kommunestyret 19.05.2016

prioritert.

Utviding av bustadfelt i Ryfoss vil krevja ein eigen VA plan for å finne tilfredstillande løysing med tanke på kapasitet og leveranse.

Kommunestyret har vedteke å planlegge vassutbygginga på Filefjell saman med den kommande kommunedelplanen for området. Rammeplan VA er allereie utarbeida, det er viktig at denne blir tilpassa og teke inn i kommunedelplanen sine føresegner. 500 000,- kr vart avsett til prosjektering og utarbeiding av anbodsdokumenter for vassverket i 2016.